



E l n e s v å g e n - Plan for stadutvikling

Arne Lunde (privat)

D e s e m b e r 1 9 9 6

**feste as, Lillehammer
landskapsarkitektur mnl**

Forord

Som grunnlag for dei drøftingar Fræna kommunen står overfor i den vidare utvikling av Elnesvågen som tettstad, kommunesenter og lokalsamfunn, har det vore arbeidd med ein plan for stadutvikling hausten 1996. Feste as Lillehammer, landskapsarkitektar mml, ved Jan Feste og Tone Telnes, har vore engasjert til dette arbeidet.

Det har vore lagt vekt på å køyre ein open planprosess der bygdefolk og dei ulike interessegruppene i lokalmiljøet har vorte invitert til medverknad gjennom folkemøte med idédugnad, områdegruppe-møte og samtaler.

Fylkeskommunen og vegkontoret har vore aktivt med i planarbeidet gjennom møte i ei oppnemnt prosjektgruppe og uformelle drøftingar undervegs. Den lokale arbeidsgruppa har hatt representantar frå kommuneadministrasjonen og dei ulike interessegruppene i Elnesvågen. Frå kommunen har Arne Dag Gjerde, Greta Løkhaug og Geir Tore Vestad vore våre kontaktpersonar.

Arbeidet har vore delt inn i tre faser, som har gått litt over i kvarandre. Det er sett på ei overordna analyse av staden, kva som er særdrag og kvalitetar, kva som er hovudproblemstillingane i høve til overordna planvurderingar. Sjølv sentrum er analysert i høve til korleis det er sett saman og bygd opp og vidare utvikling av sentrumsareala er vurdert. Det er laga planar for

vegløysingar og sett på korleis ei opprusting av det sentrale torgområdet kunne gjerast.

Dokumentasjonen av prosjektet er samla i ein A4-rapport med tekst, foto og planskisser. Til rapporten høyrer også eit A3- planhefte der alle temakarta frå rapporten og dei store plankarta er samla.

Alle temakarta i rapporten er nedfotografert frå A3 til A4. Karta ligg i riktig målestokk i Planheftet. Fotoa i rapporten ligg som illustrasjonar til teksten og er slik ikkje teksta spesielt. I tillegg til våre egne bilete har landskapsarkitekt Arne Strømme i Molde kommune også gjeve oss gode tilskot. Dei gamle fotoa frå Elnesvågen har vi fått låne i kommunen.

Elnesvågen har vore ein spennande stad å arbeide med. Staden har flotte kvalitetar landskapsmessig, i det historiske kulturlandskapet og i at sentrumet ligg så tett og konsentrert. Desse overordna trekka bør styrkast i ei vidare utvikling for å få fram Elnesvågen sin identitet og gje staden særpreg.

Vi har heile vegen hatt stor nytte og glede av konstruktive og viktige innspel frå dei medverkande både lokalt og på fylkesnivå. Vi vil med dette takke for eit godt samarbeid så langt og ynskje lukke til med det vidare arbeidet.

Jan Feste

Tone Telnes

I n n h a l d:

- 1. Innleiing**
 - 1.1 Målsetjing
 - 1.2 Metode

H i s t o r i s k u t v i k l i n g

- 2. Korleis staden har vakse fram**
- 3. Elnesvågen si "minnebok"**

A n a l y s e a v S t a d e n i l a n d s k a p e t

- 4. Natur og landskap**
 - 4.1 Naturelementa
 - 4.2 Visuella og estetiske kvalitetar
 - 4.3 Kulturlandskapet
- 5. Det stadtypiske**
 - 5.1 Landskapsanalyse
 - 5.2 Overordna mønster
 - 5.3 Verdi og særdrag

A n a l y s e a v S t a d e n s i o p p b y g g i n g

- 6. Grøntstruktur**
 - 6.1 Kva meinest med grøntstruktur
 - 6.2 Funksjonar og verdier
 - 6.3 Overordna grøne "veggar" og naturområde
 - 6.4 Jordbrukslandskapet
 - 6.5 Strandsone og turstiar
 - 6.6 Private grøne areal
 - 6.7 Sentrum og offentlege uteareal
 - 6.8 "Parkområde" og idrettsanlegg
- 7. Trafikkmønster**
 - 7.1 Dagens situasjon
 - 7.2 Prinsipp for opprydding
- 8. Organisering av bebyggelsen**
 - 8.1 Korleis bygningane gjev ein sentrumsstruktur
 - 8.2 Styrking av sentrumsstrukturen
- 9. Rom og plassar i sentrum**
- 10. Kvalitetar knytt til sentrum**

S e n t r u m s p l a n

11. Planløysingar

- 11.1 Hovudproblemstillingar
- 11.2 Hovudprinsipp
- 11.3 Alternative løysingar
- 11.4 Justert planløysing

12. Torget

13. Materialbruk

- 13.1 Inspirasjon
- 13.2 Detaljar

A r e a l v u r d e r i n g a r

14. Overordna planvurderingar

- 14.1 Hovudproblemstillingar i høve til arealbruk
- 14.2 Drøfting av framtidig arealbruk

15. Sentrumsutvikling

- 15.1 Modellskisser for utvikling

V e d l e g g

**Kommentar til justert vegløysing -
fax frå vegkontoret**

1. Innleiing

1.1 Målsetjing

Ei stadanalyse er ei systematisering av kunnskap for å forstå staden sin situasjon. Føremålet med ei slik analyse er å skildre, analysere og konkludere for å kunne setje opp mål og strategiar for ei vidare utvikling utfrå staden sine kvalitetar og særdrag.

Stadanalysa kan vera eit hjelpemiddel i ulike samanhengar:

- i planlegging og byggesakshandsaming som grunnlag for arbeid med kommunedelplanar, reguleringsplanar eller bebyggelsesplanar,
- som grunnlag for arbeid med fysisk opprusting for å gjera sentrumsområde vakrare og for å betre bu- og oppvekstvilkår.
- I høve til fortetting i bebyggelsen vil ei stadanalyse kunne gje viktige retningslinjer for tilpassing til eksisterande bebyggelsesmønster og byggeskikk.
- Stadanalysa kan gje eit aktivt og medvite forhold til grønstruktur og kulturlandskap som avgrensar og binder staden saman.
- Bilen er det enkeltelementet som har sett sterkast preg på byane og tettstadane våre. Ny utbygging og utbetring av vegar og gater bør tilpasse seg og forbetre det fysiske miljøet på staden.
- Stadanalysa kan vera ei hjelp til å ta vare på lokalt særpreg i høve til estetiske kvalitetar og byggeskikk.

I dette arbeidet med Elnesvågen er målsetjinga å koma fram til ei overordna vurdering av staden sine kvalitetar og problemstillingar, og utfrå denne gje nokre retningslinjer for korleis og i kva retningar staden bør utvikle seg.

Sjølve sentrumsområdet må det arbeidast vidare med ned til konkrete planar for tiltak utfrå ynskje om å betre trafikktilhøva, leggje tilrette for møteplassar og tilføre det visuelle miljøet nokre estetiske kvalitetar.

1.2 Metode

Når vi arbeider med stadanalyser, tar vi alltid' utgangspunkt i samspelet mellom stad og natur og stad og landskap. Dei naturgjevne tilhøva dannar grunnlaget for staden si plassering og fortel slik noko om kvifor staden har vakse fram her. Den visuelle opplevinga av korleis landskapet gjev staden rammer og korleis bebyggelsen er plassert i høve til terrengformer og overordna landskapsdrag, er viktig i eit møte med staden.

Historien fortel korleis staden har vakse fram, kvar det fyrste sentrumet låg, korleis det evt. har vorte flytta og utvikla seg.


Gjennom ei overordna analyse prøvar vi å tolke staden. Finne ut noko om korleis landskapet "held han fast", kva som er framtrudande i den visuelle opplevinga, korleis staden kan delast i ulike område som naturleg høyrer

saman, kva som er stadtypiske og overordna trekk.


Analysa skal føre fram til ein konklusjon som seier noko om dei ulike områda sin verdi og dei overordna trekkka ein bør bygge på og ta tak i i den vidare utviklinga av staden.

Når vi går nærare inn på sentrumsområdet med tanke på tiltaksretta vurderingar, har vi her valt å ta for oss dei elementa staden er bygd opp av og skildre, analysere og vurdere desse kvar for seg. Konklusjonane vi slik kjem fram til skal saman danne grunnlaget for ein sentrumsplan som viser konkrete tiltak.

I arbeidet med stadanalyser legg vi alltid vekt på nært samarbeid med lokalsamfunnet og kommunen. Det gjeld opne folkemøte, idédugnad, møte med grunneigarar, næringsdrivande og representantar for dei ulike interessene som finst på staden. Kommuneadministrasjon, fylkeskommune og vegkontor må trekkjast inn for å vera med på drøftingar fram til ei felles forståing av kva som er kvalitetar og problemstillingar på staden.




AVGRENSING AV PLANOMRÅDET




2. Korleis staden har vakse fram

1 Elnesvågen har vakse fram knytt til bruk av fjorden og som jordbrukslandskap i den slake lida. Det er gjort funn som fortel om tre steinalderbustadar knytt til den indre bukta av Elnesfjorden. Gardane vaks etterkvart fram på rekkje i solhellinga, der ein også fann den beste jorda. Dei raude markeringane viser gardar ein utfrå namne-tyding meiner er frå før år 1000. Dei små svarte punkta viser dei stadane det er gjort registreringar av fornminne. Mellom desse er det fleire gravfelt knytt mot fjorden med samling av fleire røyser i kvart.




Dei eldste spora ein kjenner

2 Dei større gardane har gjennom tidene stadig vorte delt i mindre einingar. Kartskissa skal gje ei framstilling av situasjonen på slutten av 1800-talet. Dalseth-garden (1869) vart etterkvart eit tyngdepunkt i staden med landhandel, postopneri, hotell og skyss-stasjon. Kontakten mot fjorden var sterk. Haustmark-bryggja høyrde til Dalseth og var eit sentralt samlingspunkt nede ved fjorden.



Slutten av 1800-talet

3 Frå 1920-åra og framover til 50-talet utvikla Elnesvågen seg smått og forsiktig til gradvis å bli ei sentrumsdanning der Dalseth-butikken med bensinstasjonen og Brudeset-bygget var tyngdepunkt. Meieriet og Hustad marmor kom til og vart viktige næringsverksemdar for staden. Kontakten med fjorden var ikkje lenger så viktig.



Frå 1920-åra til 1950-talet

4 Frå 1960-talet og fram til 1980-åra skjedde det ein voldsom vekst i Elnesvågen. Kommunesenteret vart lagt hit i 60-åra. Hustad marmor og meieriet vaks seg etterkvart store. På byrjinga av 80-talet vart det nye butikkssenteret bygd opp. Sentrum strekte seg ut og tyngdepunktet vart gradvis liggjande lenger vestover i tettstaden. Byggjefeita kom til. Kontakten med fjorden vart gradvis borte. I dag er det i hovudsak berre Hustad Marmor som framleis brukar fjorden som transportåre.



Frå ca. 1960 til 1980-åra

Teiknforklaring:

- tyngdepunkt
- jordbruksmønsteret
- bustadfelt



Flyfoto frå 1962
- frå Myrbostad kyrkje mot sentrum



Flyfoto frå 1962
- mot Elneset



Flyfoto frå 1962
- Brudeset, Haukåsskulen og lia baka for



**Gammelt bilete av
hovudbygning på Hatlebakk.**
Tradisjonell byggeskikk i området



**Gammelt foto av
handelsstaden Dalseth**

3. Elnesvågen si "minnebok"

I dag kan vi sjå spor etter dei ulike periodane blanda saman til dagens tettstad. I sentrum av Elnesvågen er det den nyare tida som dominerar. Spora etter det gamle jordbrukslandskapet er framleis synleg, men det er på litt vikande front i høve til store sentrumsbygg og skuleanlegg. Ein opplever korleis nytt og gammalt ligg litt og "stangar" mot einannan og kjempar ein strid om kven som skal få det endelege overtaket. Det må i den vidare utviklinga av Elnesvågen finnast løysingar der nytt og gammalt lever saman.

Oppe i sentrum er staden knytt til vegen, butikksenteret, skuleanlegga og bustadfelta. Men ein skal ikkje langt utanom sentrum før det gamle jordbruksmønsteret og kontakten med fjorden og åsen er det overordna. Utbygginga har heile tida halde seg på oversida av vegen. På den måten har lia på nedsida av vegen bevara jordbrukslandskapet og kontakten med fjorden. Nede ved Haustmarkbryggja opplevest det som om ein er i ei anna verd enn oppe i sentrum.

Kartet neste side viser korleis denne "minneboka" til Elnesvågen er sett saman. Vi ser korleis det frå 1960-talet har skjedd ein veldig vekst med inngrep som har endra heile karakteren til staden. Kartet er gjort svært grovt i høve til å fastsetja alder på dei ulike bygningane og områda.

Flyfoto-serie frå 1960-åra





Telknforklaring:


- Bygninger eller spor etter bygninger fra før 1900 (SEFRAK)
- fornminne
- Rest av gammelt telgmønster og gardstun som ligg att
- ca. 1900 - 1950
- 1960-talet
- 1970-talet
- 1980-talet
- 1990-talet

Telkn - 10

Knorrholmen

Elnesvågen si "minnebok"

Flyfoto-serie frå 1960-åra





A n a l y s e a v

S t a d e n i l a n d s k a p e t 12

4. Natur og landskap


4.1 Naturgjevne tilhøve

Som høgdelagskartet viser, ligg tettstaden Elnesvågen i ei slak lisode med Frænafjorden på nedsida og to høgdedrag, Klømpertåsen og Haukåsen, i bakkant. Som namnet seier, går fjorden her inn i ein våg som vert danna av fastlandet og Elneset. Øyene som ligg rett ut for Elneset forsterkar denne avgrensa fjordforma. Mellom Klømpertåsen og Haukåsen dannar det seg eit slakt skar, Eidemskaret, over mot Litlevatnet og Skjelbreivatnet. Myrområdet mellom Myrbostad og Elneset dannar ei vid flate. BAKANFOR Klømpertåsen og Haukåsen reiser fjelltoppane Skalten og Talstadhesten seg bratt til vørs.

Den kvartærgeologiske kartlegginga er gjort i 1980 av Jordregistrerings-instituttet, Ås. Kartet viser samansetninga av lausmassepar på staden. I hovudsak er lausmassedekke i planområdet sett saman av tjukt, samanhengande morenemateriale i den slake lia ned mot fjorden og på flatene. I tillegg finst det eit større område i søraust med myr- og torvdanningar. Eit par mindre område med strandavsetjingar finst inst i vågen, mellom myrområdet og fjorden. På høgdedraga Klømpertåsen og Haukåsen finn vi grunnlendt mark og tynt, usamanhengande dekke av morenemateriale.

Bonitetskartet gjev eit bilete av arealgrunnlaget for landbruket. Ei samanfating av bonitetskart og kvartærgeologisk kart viser at dyrka marka er konsentrert på område med tjukke lag morenemateriale. Det samanhengande myrområdet ligg som ei stor ubrukt flate. Vegetasjonen oppover ås- og fjellsidene er i hovudsak lauvskog med innslag av furu. På myrområdet er furu det dominerande treslaget.

Kystklimaet har milde vintrar og kalde somrar. På grunn av havet si varmeregulerande evne, er veksttida relativt lang med opptil 180 vekstdagar for året. Middelttemperaturen i veksttida er rundt 12 C og årsnedbøren rundt 1800 mm.



TEIKNFORKLARING:



AF JORDEN.



STADANALYSE ELNESVÅGEN		HØGDELAGSKART	
feste as Lillehammer teak/teakprosjektter.no	SKALA 1:20 000 01 08 96	DATUM 1115	TEGNER T.M.C.

ORKLARING

LAUSMASSETYPAR

Usorterte avsetjingar
Morenemateriale, ljukt
samanhangande dekke

Morenemateriale,
usamanhangande og/eller tynt
dekke over berggrunnen

Grunniendt

Skredjord

Ur (talus)

Randmorene

Blokkmark

Sorterte avsetjingar

Breelavsetjingar
(glas / fluviale avsetjingar)

Elve- og bekkeavsetjingar
(fluviale avsetjingar)

Strandavsetjingar (marine- og
agradasjonsavsetjingar, ljukt
samanhangande dekke

Hav-, fjord- og strandavsetjingar,
usamanhangande og/eller tynt
dekke over berggrunnen

Andre avsetjingstypar


Torv- og myrdanningar,
grunne avsetjingar (0,3–1m)

Torv- og myrdanningar,
djupe avsetjingar (> 1m)

BERT FJELL

Bert fjell

Lita fjellblotning



MAFJORDEN



ARTÆRGEOLOGISK KART MED JORDSMONNDATA

Utarbeidd av Jordregisterinstituttet, Ås

15 **ELNESVÅGEN**
AWX 113114-20
MÅL FSTOKK 1 · 20 000

BONITETSKART

Areagrunnlaget for landbruket

Målestokk 1 : 20 000
 Utarbeidd av Jordregisterinstituttet, Aa



Bonitetsskartet er ein oversikleg framstilling av marktegegeografiske økonomiske korrelær, redigert for målestokk 1 : 20 000. Klassifiseringa gjer på kjennetegn ved arealbruk og arealstand, jorddybne, jordart, møn, naturleg vegetasjon, agronomiske kjennetegn og forventa produksjon for skog. Klassifiseringa har hovedgruppene jordbruksareal, areal og andre areal. Innefor desse gruppene er areale og klassifiseringsdyktige jord. Klassifiseringa gir dessuten grunnlag for å avgrense areal for skogrensing.

Dyrka jord, lettbrukt.
 Fulldyrka jord med mindre stigning enn ca. 15° og med tilfredsstillende omvending. Overflatedyrka jord og gardsbeite, som ved fulldyrking fyller kravet til lettbrukt fulldyrka jord.

Annan dyrka jord.
 Fulldyrka, overflatedyrka jord og gjeldende beite som ikkje fyller kravet til lettbrukt dyrka jord.

Dyrkingjord, god kvalitet.
 Udyrka jord som utifrå topografi, jorddybne, jordvæstet, blokkvæstet m.m. er godt skikka for dyrking, og som etter dyrking kjem i klassen lettbrukt fulldyrka jord.

Annan dyrkingjord.
 Udyrka jord som utifrå jordvæstet, blokkvæstet m.m. er mindre godt skikka for dyrking, eller utifrå topografi og omvending til tross mindre lettbrukt dyrka jord.

Skog, sær høg bonitet.
 Bærskog, blandingsskog og løvskog med forventa produksjonsnivå for bærbevirkning over 1,0 m³ pr. dekar og år.

Skog, høg bonitet.
 Bærskog, blandingsskog og løvskog med forventa produksjonsnivå for bærbevirkning mellom 0,5–1,0 m³ pr. dekar og år.

Skog, middels bonitet.
 Bærskog, blandingsskog og løvskog med forventa produksjonsnivå for bærbevirkning mellom 0,3–0,5 m³ pr. dekar og år.

Annan skog.
 Bærskog, blandingsskog og løvskog med forventa produksjonsnivå for bærbevirkning mindre enn 0,3 m³ pr. dekar og år.

Andre areal skikka for skogproduksjon.
 Passermark utan skog og myr som etter forsegling får forventa produksjonsnivå for bærbevirkning over 0,3 m³ pr. dekar og år.
 Passermark utan skog har symbol for bonitet: S = sær høg bonitet, H = høg bonitet og M = middels bonitet.

Grunnlandts mark.
 Areal med svart tynt jordlag og fjell i degen.

Løvskog.
 Skog med mindre enn 20% bær.

Topografisk myr.
 Areal som til overflata har preg av myr.

Større merkelegendinger er rapportert pr. 1/1-78

Trykt 1978



4.2 Visuelle og estetiske kvalitetar


Fjordlandskapet i Elnevågen er eit langstrakt storskala landskap. Dei slake liene og strandflatene ut mot fjorden er opne med utsyn mot hav og himmel. Fjella reiser seg i bakkant som mektige formasjonar. Dei dannar karakteristiske silhuettar og landemerke som ramme om stadar og busetnad.



4.2 Visuelle og estetiske kvalitetar

Fjordlandskapet i Elnevågen er eit langstrakt storskala landskap. Dei slake liene og strandflatene ut mot fjorden er opne med utsyn mot hav og himmel. Fjella reiser seg i bakkant som mektige formasjonar. Dei dannar karakteristiske silhuettar og landemerke som ramme om stadar og busetnad.





STADANALYSE ELNESVÅGEN		TOPOGRAFI	
feste as Lillehammer landskapsarkitektur og plan	SKALA 1:50 000 DATO 1115	REG. NR. 1115	DATO 1115

4.3 Kulturlandskapet

Fjordlandskapet er eit jordbrukslandskap. Dei smale jordbruksliene omkring fjorden er karakteristiske. Dyrka marka er delt i lange, smale teigar frå strandsona og oppover. Teigane er avgrensa av steingjerde, åkerreiner og nokre stader breiare grønne belte. Frå gammalt av låg kvart bruk mellom to slike element. Vegen som går langs med lisa deler teigane på tvers.

I Elnesvågen er dette gamle, tverrgående teigmønsteret framleis tydeleg om ein studerar bilete og kart, men opplevinga av det er svekka ved at tettstaden heile tida har vakse fram i lengderetningen, langs vegen. Gjennom sentrum ligg dyrka marka nå for det meste att på nedsida, medan ein på oversida av vegen har fått store bustadfelt og sentrumsbebyggelse.

Flatene er mindre oversiktlege enn dei smale lisidene. I Elnesvågen utgjer myrområdet mellom kyrkja og fjorden ei slik flate. Jordbrukslandskapet nordover frå Myrbostad kyrkje er ei oppdyrka flate der skilja mellom kvart bruk ikkje er ordna etter fjorden, men etter vegar i ulike retningar.





TEIKNFORKLARING:

-  forminne
-  Myrområde
-  Jordbrukslandskap
- Bebyggelse:**
-  gardstun
-  naust
-  bustadfelthus
-  offentlege bygg
-  sentrumsbygg
-  "industribygg"

June - 7/20




STADANALYSE ELNESVÅGEN		KULTURLANDSKAP	
feste as (Rehammer)		1:15000	1115

5. Det stadtypiske

5.1 Landskapsanalyse

På kart i målestokk 1 : 50 000 er det laga ei enkel landskapsanalyse. Dette er ein måte å tolke og samanfatte den føregåande skildringa på.



Det store landskapet med bratte fjell- og lisider og ramma av fjelltoppar som silhuettar og landemerke, er viktig for opplevinga av korleis staden Elnesvågen ligg i landskapet. I eit første møte med staden er desse store, omkringliggjande rammene særleg viktige.

Tettstaden ligg i ei slak, smal lisode ned mot fjorden. Dei to åsane Klempertåsen og Haukåsen ligg som to markerte høgder bakanfor bebyggelsen. Eidemskaret er eit tydeleg skar eller søkk som gjev kontakt over mot Litlevatnet og Skjelbreivatnet. Bakanfor Dalegardane ligg det ein terrengkant som avgrensar ei øvre flate frå veggen og den slake lia. Innover dalen frå Myrbostad kyrkje strekkjer det seg ei stor jordbruksflate. Det indre fjordbassenget dannar ei stor, blank flate avgrensa av den slake jordbrukslia, Elneset og øyane. Litlevatnet og Skjelbreivatnet opplevest også som ei flate i det bakre dalrommet.

Dei raude pilene viser tettstaden sine overordna retningar. Hovudretningen fylgjer kotene bortover i lia der sentrumsbebyggelsen ligg som eit band langs veggen.

Strekane som går på tvers viser til det gamle mønsteret i kulturlandskapet der eigedomane er delt inn i smale teigar frå strandsona og oppover.

TEIKNFORKLARING.



Silhuettar

Viktige terrengformer



- Eidemskaret




- terrengkant



Samanhengande flater



Tettstaden sine retningar



STADANALYSE ELNESVÅGEN		LANDSKAPSANALYSE	
Scale	1:50 000	Code	1115
feste as tilhørmur		Scale	1:50 000

5.2 Overordna mønster på staden

Kartskissa går nærare inn i planområdet og skal gje eit forenkla bilete av korleis ein kan lesa det overordna mønsteret staden er bygd opp omkring.

Den langsgåande gjennomgangsvegen og dei tverrgåande grønne linene utgjer sjølve "beingrinda" i tettstaden.

Høgdedraga Klømpertåsen og Haukåsen dannar dei grønne bakveggene.

Myrområdet ligg som eit naturområde for seg sjølv samstundes som det avgrensar jordbrukslandskapet mot søraust.

Bustadområda trer fram som tydelege felt. Det store bustadområdet oppe i lia, ligg utanfor kjerna i staden og opplevest lausrive frå resten av bebyggelsen.

Fjorden avgrensar jordbrukslia mot sør og er eit overordna landskapstrekk. Kontakten mellom den nedre jordbrukslia, det gamle naustmiljøet, strandsona innover mot myrområdet og sjølve fjordflata, er ein viktig kvalitet i Elnesvågen.

Sentrumsbebyggelsen ligg i hovudsak på oversida av vegen. Kjerneområdet i sentrum er knytt til forretningane rundt torget, kommunehuset og skulane.

Hustad Marmor utgjer ei anna type tyngdepunkt i utkanten av sentrum. I tillegg ligg det fleire mindre næringsområde ved Eidemskiljet og eit lite ved Dale.


Eidemsskiljet er eit viktig trafikk-knutepunkt.

Myrbostad kyrkje ligg som eit landemerke i det store landskapet og heilt lausrive frå sjølve tettstaden.

Det gamle bygningsmiljøet og kulturmarka på Frænatun, naustmiljøet nede ved fjorden og tunet og den gamle bensinstasjonen ved Dalseth, er punkt som merkar seg ut positivt i heilskapen. Som enkeltelement står dei fram som tydelege spor etter tidlegare tider og fortel slik noko om Elnesvågen sin historie. Dei ligg framleis i ein heilskap som har fine kvalitetar i seg. Dalseth markerar innkomsten til Elnesvågen sentrum frå aust. Frænatun dannar bakgrunn for butikkane rundt torget og er ein synleg kontakt mellom det gamle, tverrgåande teigmønsteret og det nye sentrumet langs vegen. Nausta nede ved fjorden ligg knytt til jordbrukslandskapet og det gamle teigmønsteret og viser at Elnesvågen frå gammalt av har hatt kontakt med fjorden.

TEIKNFORKLARING:

-  Viktige terrengformer
-  "Grøne liner";
eigedomsgrenser,
vegetasjonsband
(- Restar etter hovuddrag i
det gamle kultur/landskapet)
-  Myrområde
-  Gjennomgangsvegar
-  Eidemskiftet
-  Sentrumsbebyggelse
-  Næringsområde
-  Bustadfelt
-  Punkt som utmerkar
seg positivt i heilskapen
(Frænatun, Dalseth og
naustområde, gamal
bebyggelse på Eineset)
-  Myrbostad kyrkje



STADANALYSE ELNESVÅGEN		OVERORDNA MØNSTER PÅ STADEN		
feste as Lillehammer landskapsarkitektur AS		1:20 000	1115	

5.3 Verdi og særdrag

Med utgangspunkt i dei vurderingane vi til nå har gjort, har vi delt staden inn i ulike område med ulik verdi utifrå korleis dei står fram i heilskapen. Dette er også landskapsområde som er verdifulle i seg sjølv.

Det overordna mønsteret på staden, den langsgåande gjennom-gangsvegen og dei tverrgåande vegetasjonsbanda, meiner vi bør styrkast og vera utgangspunkt for den vidare utviklinga av staden.

Svært verdifulle område

Jordbrukslandskapet på nedsida av vegen med gardstun, teigmønster, naustområde, strandsone og kontakt med fjorden utmerkar seg som eit heilskapleg og vakkert kulturlandskap. Området er karaktergjevande for staden og viser det gamle Elnesvågen der samspelet mellom jordbruk og fjorden var viktig på ein annan måte enn i dag.

Frænatun med tilhøyrande jordbruksmark er viktig i opplevinga av kontakten mellom gammalt og nytt kulturlandskap i Elnesvågen.

Verdifulle område


Jordbrukslandskapet ein køyrer gjennom på veg inn mot Elnesvågen sentrum, er heilskapleg og gjev ei fin

avgrensing av sentrum mot aust. Dalsethgarden med tun og den gamle bensinstasjonen markerar overgangen til sentrum. Dette portmotivet bør styrkast.




Området som grensar inn mot Frænatun mot vest inneheld kvalitetar som kulturmark og som grøn overgangssone mellom sentrumsbebyggelse, skuleområde og Haukåsen.

Eksisterande kjerneområde


Dette er område som utgjer tyngdepunkt i tettstaden sitt næringsliv. Desse områda vil alle vera viktige å ta hand om og utvikle vidare, kvar på sine måtar.



TEIKNFORKLARING:

-  Svært verdifulle område
-  Verdifulle område
-  Eksisterende kjerneområde


 gjennomgangsveg

 "grøne liner"
restar etter det gamle
teigmønsteret



Tone - 26

STADANALYSE ELNESVÅGEN		VERDI OG SÆRDRAG	
feste as Lillehammer landskapsarkitektur as		1:15000 DATO	1115



Vegetasjon → åpne / styrke
 åpne, fysiske. bindeliner / tur- og gang
 Samls område → utviklet

6. Grøntstruktur

6.1 Kva meinest med grønntstruktur?

Med grønntstruktur meinest "veven" av store og små naturprega område i og nær tettstaden. Alle grønne område vert rekna med, enten dei er rein naturmark eller meir kultiverte grønntområde.

Den grønne strukturen i tettstaden kan vera meir eller mindre samanhengande. Han er sett saman av mange ulike typer areal. Nokre av desse er regulert til "grønne" formål, t.d. idrettsanlegg, friområde eller turløyper. Andre er restar av naturmark det ikkje har vore naturleg å byggje ned, t.d. åssider, gamle elveløp, myrområde. Dei kulturpåverka grønne områda er ofte av privat karakter, slik som dyrka mark og tundanningar og hagar knytt til bustadfelt.

6.2 Grønntstrukturen har ulike funksjonar og verdiar

1. *Bruksverdi* for oss menneske (dyrka mark, hageareal, leikeområde, turløyper).
2. Landskap og vegetasjon kan også vera viktig *visuelt* i tettstaden; t.d. dannar skogkledde åssider grønne veggjar rundt tettstaden, eller vegetasjon kan danne volum, liner og band som deler inn landskapet og dannar eit overordna mønster på staden.
3. Dei grønne områda har også ein *eigenverdi*; som

leveområde for ulike artar planter og dyr. I Elnesvågen er vegetasjonsbanda mellom åsen og fjorden viktige korridorar for dyrelivet.

6.3 Overordna grønne "veggjar" og naturområde i Elnesvågen

Dei to skogkledde høgdedraga Klempertåsen og Haukåsen dannar ein grøn bakvegg for tettstaden og utgjer viktige turområde for dei som bur i Elnesvågen.

Den indre bukta av Elnesfjorden med Elnesleira og elveosen er viktige naturområde som ligg tett inn mot sentrum. Elneset og alle dei små øyane i fjorden utgjer også viktige grønne område rike på natur og landskapsopplevingar.

Myrområdet mellom fjorden og austover til Myrbostad kyrkje er eit karakteristisk naturområde på staden. Denne store, litt dystre flata set sitt spesielle preg på staden og understrekar jordbrukslandskapet omkring som noko venleg og ljost.

Tiltak:

Ta vare på den grønne bakveggen og unngå utbygging av lia i overkant av kraftlina bak dei sentrale områda.



Teiknforklaring:

-  naturmark
-  gamal/
attgrodd kulturmark
-  jorde
-  bustadar m/ hagar
-  skuleområde
-  idrettsanlegg
-  vegetasjonsbelte
-  grå sentrumsflater
-  grøne offentlege planar
-  heilskaplege tun
-  strandsone



STADANALYSE ELNESVÅGEN		GRØNSTRUKTUR - dagens situasjon	
feste & Lillehammer Landskapsarkitektur AS	skala	1:6000	1115
	dato		



6.4 Jordbrukslandskapet


Vegetasjonsbanda som ligg i eigedomsgrensene gjev staden eit overordna vegetasjonsmønster. Opplevinga av jordbrukslandskapet som omgjev tettstaden vert meir spennande ved at vegetasjonsbelta deler dyrka marka opp i mindre landskapsrom og dannar det karakteristiske teigmønsteret.

Opplevinga av Elnesvågen frå fjorden og frå innkøyringa til staden både frå aust og vest er prega av jordbrukslandskap med heilskaplege tun og markert teigmønster. Dette er eit viktig overordna trekk ved staden som fortel noko om livet her og har røtter bakover i høve til plassering og utgangspunkt.

Store delar av jordbrukslandskapet knytt mot sentrum er attgrodd eller bygd ned. Dette gjer at landskapet omkring sentrum vert attstengt og vender seg innover utan å gje oppleving av omgjevnadane staden ligg i. Attgroinga har særleg hatt konsekvensar for kontakten mot fjorden. Frå sentrum og hovudvegen oppfattar ein vanskeleg at dette er ei bygd som ligg med utgangspunkt i fjorden.







Tiltak:

Opne ein del attgroingsområde slik at ein får betre kontakt mot fjorden frå sentrum og vegen. Ta vare på og gjenskape visuelle forbindelseslinjer både oppover og utover.




Teknforklaring:


Område som manglar frodighet og som bør utviklast som heilskaplege delområde i tettstaden:

-  skule, sjukeheim
- store bygningsvolum og store flater i uteareal
-  sentrumsområde
- trafikkområde, parkering, inngangssoner
-  senteret
- plassar, torg og "gater"
-  parkrom, idrettsanlegg
- grøne opparbeidde område
-  Attgroingsområde som bør opnast, heilt eller delvis
-  "100-meter skog" som nær-leikeområde for bustadar

Grøne, fysiske forbindelseslinjer:

-  eksisterande
-  bør opparbeidast

 Visuelle forbindelseslinjer som bør haldast opne

 Grøne vegetasjonsband som bør framhevast og opparbeidast



STADANALYSE ELNEVÅGEN		GRØNSTRUKTUR - vidareutvikling	
skala 1:6000	arkiv 1115	dato	skisse
feste as lehammer landskapsarkitektur as			



Styrke vegetasjonsbanda som dannar det karakteristiske teigmønsteret. Ei slik styrking kan nokre stader gå ut på å supplere eksisterande vegetasjonsband der desse er glissne eller bitar manglar, andre stader plante nye tverrband der dette er naturleg i høve til nye strukturar, eller også tynne vegetasjonen nokre stader for å få fram steingardar og opne for utsyn.

6.5 Strandsone og turstiar

Strandsona er i liten grad tatt hand om. Områda ligg der litt attgløymt og stille for seg sjølv. Aktiviteten her er i hovudsak knytt til private eigedomar med naust, båtplassar og lagringsområde.

I næringsområdet på Eidem er fleire kaiområde i aktiv bruk i høve til verksemdene som driv her, med Hustad Marmor som den største.

Småbåthavna ved Haustmarkbryggja ligg med direkte tilknytting til sentrum, men er ikkje nokon aktiv del av sentrumsfunksjonane. Den gamle naustrekkja, fornminna som finst i området og kontakten med gardstuna på rekkje like oppafor, gjev dette området særlege kvalitetar som "grønt" område knytt til fjorden.

Kontakten vidare rundt bukta og ut på Elnestangen gjev gode rammer for turgåing og landskapsoppleving i vakre

naturområde.

Kontakten på tvers mellom fjorden (området ved Haustmarkbryggja), sentrum og vidare opp i åsen bakanfor tettstaden, er i dag delvis ivaretatt ved turstiar og vegfar. Langs fjorden er det ikkje lagt til rette for ferdsel.

Tiltak:

Leggje tilrette for ei grøn, fysisk forbindelsesline langs fjorden. Dette må lagast som ei forsiktig turvegzone som tilpassar seg dei elementa og kvalitetane som ligg her, gjerne med kontakt til ein enkel sti rundt Elneset. Turvegen langs fjorden kan også bindast saman med ei fysisk forbindelsesline opp i den grønne sona ved Hatlebakk og vidare opp i åsen med forbindelse rundt og ned om Hauglia.

Området knytt til Haustmark-bryggja inneheld viktige kvalitetar som kunne vore fine å knytt nærmare mot sentrum i høve til bruk og oppleving av staden. Samstundes er det viktig at heilskapen i dette området ikkje vert øydelagt.

6.6 Private grønne areal

Bustadfelt med privathagar utgjer ein ganske stor del av den grønne strukturen i Elnesvågen. Felta ligg som godt skjerma grønne soner og vender seg mest innover. Dei tettar att noko av det gamle kulturlandskapsmønsteret og forhold seg i liten grad til sjølve sentrumet. Likevel er dette område med





kvalitetar i høve til det å bu. Områda ligg nær sentrum og er godt opparbeidde som "grøne" bustadområde.

Tiltak:

Leggje tilrette for nærleikeområde, turvegar med grønne forbindelsar og soner i og rundt bustadfelta. T.d. kan små skogholt og treklynger utgjera små "100-meter skogar" som har kvalitetar i høve til leik for litt større ungar og gjer nærområdet litt spennande.

6.7 Sentrum og offentlege uteareal

Uteareala knytt til sjølve sentrum og dei større offentlege anlegga som ligg her, har eit litt tilfeldig, utflytande og audsleg preg. Dei ganske store flatene manglar avgrensing og er lite frodige. Romma mellom husa i senteret er meir tomrom enn uterom for opphald.

Tiltak:

Opprusting av uteområda i sentrum med romdannande treplantingar, avgrensing og definering av ulike areal.



6.8 "Parkområde" og idrettsanlegg

Elnesvågen er ikkje ein stad ein forbind med eit urbant element som parkar. Det som ligg av grønne soner knytt til dei offentlege uteromma er grønne plenflater i skråningar og knytt til skular og sjukeheimen.

Idrettsanlegget i nedkant av Hauglia er heilt nytt og virkar ikkje innarbeidd i staden sin overordna struktur enno. Han ligg litt for seg sjølv og er ikkje så lett å koma til dersom ein ikkje i utgangspunktet er klar over plasseringa.

Tiltak:

Dersom ein skulle tenkje på opparbeiding av eit meir parkmessig område i høve til uttrykk og bruk, ville bakken mellom kommunehuset, den vidaregåande skulen og ungdomsskulen vera ein naturleg stad for å lage eit grønt parkrom.

Idrettsanlegget burde få ei litt parkmessig opparbeiding av nærområdet der ein kunne knytte barneskule og barnehage inn, lage ein betre kontakt for gåande direkte frå sentrum, løyse parkering og atkomst og gje idrettsanlegget eit feste i omgjevnadane og kvalitetar som ligg knytt opp mot området. Overordna terrengtilpassing, som kan knytte idrettsanlegget naturleg saman med terrenget omkring, ville gje ein mykje betre situasjon både bruksmessig og visuelt.



7. Trafikkmønster

7.1 Dagens situasjon

Elnesvågen er ein stad prega av bilar og trafikk. Sentrum er plassera langs vegen og handelen her er i stor grad bygd opp omkring at folk frå gardar og bygder omkring køyrer hit for å handle. Dei som bur i byggjefelta like ved sentrum nyttar også helst bil ned i senteret sidan felta ligg litt oppe i liene eller lenger bortover langs hovudvegen, og sidan dette er "på bygda" der ein har vendt seg til å bruke bilen fordi her alltid har vore plass nok til det. I tillegg kjem at tungtrafikken til og frå Hustad Marmor og bedriftene lenger ute i fjorden går gjennom sentrum.

Dette fører til at ein får stor grad av blanda trafikk gjennom tettstaden. Hovudvegen fungerer både som gjennomgangsveg på riksvegnettet og "lokalgate" knytt til sentrum.

Det ligg svært mange avkøyrslar knytt til vegen gjennom sentrum. Alle avkøyrslene til busetnad på begge sider av vegen, fleire avkøyrslar inn til senteret og dei større kryssområda der vegar tek av til bustadfelt og skuleanlegg, gjev eit uoversiktleg og innvikla trafikkbilete med mykje kødanning i dei tidene folk skal til og frå arbeid. Det at trafikken også er ei blanding av dei som bare skal gjennom tettstaden, dei som køyrer varer og tungtrafikk, bussar og personbilar som skal køyre ungar til og frå skule, og slik setja av og hente, fører til ganske store trafikkproblem i

sentralområdet.

Av dei sentrale kryssområda som er merka av på kartet side 39, er Haugliakrysset det som klart har dei største problema i høve til avvikling av trafikken på ein forsvarleg måte. Krysset er registrert som eit vesentleg ulykkespunkt hjå vegvesenet. Problema her knyter seg i stor grad til avvikling av trafikk til og frå Haukås-skulen. Bussar skal inn i krysset og opp til avkøyrsla til skulen, manøvrere seg inn og utatt, samstundes som foreldre i privatbilar stoppar i Haugliavegen for å setje ungar av. Ungane kryssar så vegen over til skulen. Bilane vert ståande i kø oppover i bakken i Haugliavegen og på glatt føre gjev dette ofte farlege situasjonar.

Krysset ved kommunehuset har noko av den same problematikken med skulebussar ut og inn samstundes som privatbilar frå bustadfeltet og til kommunehuset og skuleanlegga skal passere og vert ståande i kø i den bratte bakken.

Sjølve senteret har eit kaotisk trafikkmønster der ein kan køyre inn frå alle kantar og rundt mellom bygningane ganske tilfeldig. For dei som skulle slumpe til å gå inne mellom bygningane her er det ei ubehageleg kjensle å måtte snirke seg mellom bilar og heile tida vera redd for å koma i vegen. I desse romma mellom husa, som har ganske gode dimensjonar og er eit bra utgangspunkt for opphald utandørs, er det i dag bilen som rår.


Det er laga gang- og sykkelveg gjennom heile sentrum. Denne ligg parallellt med vegen på andre sida av ei brei, litt utflytande veggroft som er det ein møter når ein køyrer gjennom Elnesvågen.

Ein positiv effekt ved det kaotiske trafikkbiletet kan likevel vera at farten senkast og at det ikkje vert så mange alvorlege ulukker.

7.2 Prinsipp for "opprydding"

- Samle avkøyrslene til senteret i færre og betre definerte kryss. Rundkøyringar kan truleg vera ei teneleg løysing i eit par av kryssa, både i høve til trafikkproblema og også som portalmotiv og markering ved innkøyringa til sjølve sentrum.
- Få skilt gjennomgangstrafikk/tungtrafikk og lokaltrafikk i ulike soner gjennom sentrum.
- Utnytte vegkorridoren betre og gje han nye kvalitetar knytt til opprusting av sentrum.
- Ruste opp romma mellom husa i senteret og gjera dette til område der det er positivt å opphalde seg og bevege seg til fots. Samstundes kan bilane få vera her, men på dei gåande sine premisser.
- Få lagt inn ein bakre forbindelse mellom Haugliavegen og vegen opp ved kommunehuset, for å avlaste hovudvegen og dei vanskelegaste kryssområda.





Butikksenter P








39



STADANALYSE ELNESVÅGEN		KØYREMØNSTER - dagens situasjon	
SKALA 1:5000	BLADNR 1115	TEGNER REV	DATE
feste as (leilhammer)			

Teiknforklaring:

-  dagens køyremønster
-  avkøysler
-  sentrale kryss
-  gang- og sykkelveg



Teiknforklaring:

-  dagens køyremønster
-  avkøyrster
-  sentrale kryss
-  nye veglinjer som kan avlaste hovudvegen
-  gang- og sykkelveg



STADANALYSE ELNESVÅGEN		KØYREMØNSTER - prinsipp for "oppriidding"	
Skala 1:5000	Blatt nr. 1115	Skala	Blatt nr.
feste as Lillehammer Landskapsarkitektur og mer			

8. Organisering av bebyggelsen

8.1 Korleis bygningane gjev ein sentrumsstruktur

Bebyggelsen i sentrum er organisera etter ulike overordna prinsipp.

Nausta som frå gammalt av er lagt nede i strandsona, har si logiske plassering her utfrå bruk og tilknytting til fjorden. Dei er organisert etter strandlina og ligg ofte fleire saman i rekkjer eller små grupper.

Plassering av tuna i lisida har underordna seg terrengforma. Tuna ligg nokre stader på rekkje bortover i lia, andre stader som punkt for seg sjølve.


I dei nyare bustadfelta er også husa plassera på rekkjer etter terrenget. Uttrykket vert likevel svært ulikt plasseringa av dei gamle gardstuna, sidan bustadfelta med tett bebyggelse, vert eit flatemønster som dekkjer store parti av lisida.

Sentrumsbygga er i hovudsak knytt mot vegen gjennom tettstaden. Her har det gradvis vakse fram bygningar med utgangspunkt i trafikk og handel. Dei fyrste som avgrensa punkt langs veglina, seinare som større område med fleire bygningsvolum, flater og mellomrom. Denne bygningsmassa er av ulik alder og karakter, men alle bygningane har ei plassering det er logisk å forhalde seg til med utgangs-

punkt i vegen, og bygningane dannar rom innbyrdes.

Skuleanlegga og sjukeheimen ligg som store bygningsvolum på store flater. Desse flatene er delvis kunstig utfylte for å gje plass til dei store bygningane ein skulle ha inn i det hellande terrenget. Dei dannar platå og terrassar som i liten grad forhold seg til dei omgjevnadane som var utgangspunktet. Desse anlegga er godt innarbeidde og etablerte i Elnesvågen slik dei står fram i dag. Likevel er det vel også desse som tydelegast bryt med dei mønster og føresetnadar som låg i utgangspunktet, slik som t.d. terrengform, kulturlandskap og overordna vegetasjonsband.

Bamsekroa har eit anna uttrykk enn desse offentlege bygga, men slik det ligg for seg sjølv på sørsida av vegen på ei utfylt flate, gjev dette anlegget likevel noko av den same opplevinga.



Teiknforklaring:

-  - Bygningar knytt mot fjorden
-  - Plassering etter terrengform
-  - på line
-  - som punkt
-  - Sentrumsbygg som innbyrdes dann rom og er plassera etter vegen
-  - Store bygningsvolum og store flater plassera på utfylte plattå



STADANALYSE ELNESVÅGEN		ORGANISERING AV BEBYGGELSEN	
feste as Lillehammer Landskapsarkitektur AS		SKALA 1:5000	TEGNETAL 1115



8.2 Styrking av sentrumsstrukturen


I den vidare utvikling av Elnesvågen som tettstad og handlesentrum, er det viktig å halde senteret tett og konsentrert til det kjerneområdet ein har i dag. Kvalitetane i det eksisterande finst i at det er ei heilskapleg bygningsmasse der bygningane ligg tett og danner innbyrdes rom.

Slik vegen ligg gjennom tettstaden, vil det vera viktig så lenge som mogeleg å halde utbygginga av sentrum til oversida av vegen for ikkje å få hovudvegen som ei barriere mellom to sentrumsdelar. Det vil også vera eit poeng å byggje ut dei areala ein har i senteret på oversida av vegen så tett og med slike kvalitetar at dette står fram som eit intimt og særprega handlesenter.

På kvar side av dette kjerneområdet ligg det naturleg tilrette for å halde nokre opne soner som kan gje plass for bussar og parkering knytt mot skuleanlegg, kommunehus og butikkssenter.

Kommunehuset i vest og Dalseth med butikken og den gamle bensinstasjonen i aust, er naturlege punkt som markerar inn- og utkøyringa av det som bør definerast som sentrum i tettstaden.

Når sentrumsareala på oversida av vegen er bygd ut, kan den tette sentrumsstrukturen trekkast med over vegen og




Dersom omkøyringsvegen kjem ein gong i framtida, kan den tette senterstrukturen trekkast med over vegen og utviklast med kontakt mot fjorden

STADANALYSE ELNESVÅGEN		STYRKING AV SENTRUMSSTRUKTUREN	
Skala	1:5000	Blatt nr.	1115
Dato			
feste as Lillehammer Landskapsarkitektur AS			

utviklast med kontakt mot fjorden. Denne sentrums-utviklinga bør gjerast slik at parkering og ein framtidig omkøyringsveg ligg under eit betonglokk under dei nedre delane av senteret.

Dersom ein greier å bryte noko av skuleanlegga sitt "platå-uttrykk" ved å plante tverrband av vegetasjon på dei store flatene, kunne dette kanskje gje dei betre forankring i det omkringliggjande kulturlandskapet.



9. Rom og plassar i sentrum

Ser ein på sentrumsbygga som ligg knytt til vegen, dannar desse alle, i større og mindre grad, plassar og rom innbyrdes. I dag står plassane mellom husa fram som grå asfaltflater utan særlege estetiske kvalitetar. For å gje uteromma frodighet og innhald er det eit ynskje å supplere romma bygningane dannar med treplantingar og elles element som styrkar romdanningane og definerar bruken av dei.



Inne i sjølve butikkssenteret har romma mellom bygningane gode dimensjonar og er gode utgangspunkt for å få til uterom, torg, plassar, smug og gater med kvalitetar.

Sona mellom kommunehuset, den vidaregåande skulen og ungdomsskulen er ei god romdanning og bør vidareutviklast som eit grønt parkrom. I dag er området litt uklart i høve til retningar og karakter. Opplevinga av akse og tverrband frå den vidare gåande skulen ned mot hovudvegen og med utsyn mot fjorden bør styrkast.

Kartet side 48 tar for seg dei ulike romma inne i sjølve senteret, seier noko om karakter i det eksisterande, om retningar og rom og om korleis ein kan tenkje ei vidare utvikling. Kva som bør styrkast og kva som bør dempast.



Teiknforklaring:

-  harde flater
-  grønt parkrom



STADANALYSE ELNESVÅGEN		ROM OG Plassar	
skala	1:5000	areal	1115
dato			
feste as Lillehammer landskapsarkitektur malvik			



Brudeset-bygget



Vareleveringsaksen



Kommunehuset




Torget

Kjerneområdet i sentrum.
Eit definert uterom med gode dimensjonar.
Vender seg utover med glimt mot fjorden.
Visuell kontakt mot kulturlandskapet bakanfor

Uterommet bør opparbeidast som tettstaden si storstoge.
Det området som var mest "påkostet" i materialbruken.
Opparbeidinga må ta omsyn til og leggje til rette for:
vareleveringsakse i bakkant men dempe "sjakteffekt" av denne.
kjerneområde for opphald, treplantingar som grøn ramme,
kontakt på tvers av vegen slik at ein oppfatar dette som eit
sentralpunkt i tettstaden, plass for torghandel.
Utsynet mot fjorden bør styrkast.

- 7** Eksisterande skogkrull.
Tiltak: Bustadhuset bør fjernast. Området kan ligge som
framtidig byggeareal og som grønunge så lenge
Vegetasjonen her bør kanskje tynnast litt.
- 8** Udefinert bakgårdssone knytt mot vareleveringsaksen.
Tiltak: Skape avgrensing og romkjensle.
Fysisk forbindelse bakover mot parkering.

- 11** Inngangssone for sparebanken og samvirkelaget.
Rørleggarbygget dannar vegg mot aust i dag.
Hovudretning nord-sør.
Ynskje: Behalde retning og avgrense dette som eit ege rom
også når rørleggarbygget vert borte.



Inngangsparti til banken. Eit hjørne der folk i dag samlast om
kakelotteri og liknande.

"Mellomrom" med parkering. Asfalt og bilar.
Direkte kontakt mot vegen. Glimt mellom husa mot
bakanforliggjande vegetasjon i det ein køyrer framom.
Hovudretningen i rommet går nord-sør.
Tiltak: Behalde området som parkering ordna etter
hovudretningen i rommet. Definere og ramme inn med tre.

Avlang bakgårdssone. Hovudretning øst-vest.
Udefinert areal inn mot vareleveringsakse.
Tiltak: Gje området definerte rammer både fysisk
og i høve til funksjon.

Glimt mellom husa. Den tverrgåande retningen er
viktig for å bryte den langstrakte vegkorridoren.

Urflytande avslutning mot kryss og bustadhus.
Tiltak: Bustadhuset bør fjernast og området

- 9** Bakgårdssone, "sjakt", del av vareleveringsakse
Tiltak som dempar sjaktpreget.
- 10** Bakgårdsrom med definerte veggjar. Bilar og asfalt.
Tiltak for å dempe den grå asfaltfalta. Treplantingar

- 12** I dag er dette ein bakanforliggjande parkeringsplass
avgrensa av bygningar, bratt skråning/betongmur og skogholt.
Tiltak: Det er laga planar for eit nytt bygg på området.
Rørleggarbygget er tenkt fjerna. Det må lagast nye uterom
utfrå bevegelseslinjer og nye bygningar. Parkering må
forhalde seg til hovudretningar og romdanningar.

- 13** Området inneheld i dag eit par bustadhus og hagar fram mot vegen
og ein naturleg bjørkelrull i bakkant.
På sikt må dette utviklast i høve til ein gjennomgåande,
bakre vareleveringsakse. Området kan også vera eit framtidig
utbyggingsområde for sentrumsbygg

E l n e s v å g e n

Retningar og rom i sentrum
M 1:1000

10. Kvalitetar knytt til sentrum

Kartet er ei oppsummering av kvalitetane ein gjennom dei ulike kartstudiane har funne fram til at Elnesvågen inneheld.


- Dei grønne tverrbanda som eit overordna grønt og historisk mønster.
- Dei smale vegane ned mot Haustmark-bryggja som møtest i ein Y og gjev senteret ein grøn, fysisk kontakt ned til fjorden.
- Heilskapen i området omkring Haustmark-bryggja, med gardstuna på rekkje, naustrekkja, strandsona, kulturlandskap og fornminne.
- Den visuelle kontakten mellom seneret og dei bakanforliggende jordbruksareala og Frænatun.
- Dalseth-garden med gamalt bygningsmiljø, tundanning og bensinstasjonen som portmotiv ved innkøringa til sentrum.
- Det tette og konsentrerte senteret med gode dimensjonar på romdanningane mellom husa.
- Det grønne parkrommet som kan knyte skuleanlegga klarare mot vegen og gje ei atkomstssone som eit tverrband.



Dalsethgården med den gamle bensinstasjonen som portalmotiv ved innkøringa til sentrum frå aust



INTERBOK




STADANALYSE ELNESVÅGEN		KVALITETAR KNYTT TIL SENTRUM	
skala 1:6000	bl. nr. 1115	tegning 1115	rev. 1115
feste as Lillehammer landskapsarkitektur og byplan			

5. Det stadtypiske

5.1 Landskapsanalyse

På kart i målestokk 1 : 50 000 er det laga ei enkel landskapsanalyse. Dette er ein måte å tolke og samanfatte den føregåande skildringa på.



Det store landskapet med bratte fjell- og lisider og ramma av fjelltoppar som silhuettar og landemerke, er viktig for opplevinga av korleis staden Elnesvågen ligg i landskapet. I eit første møte med staden er desse store, omkringliggjande rammene særleg viktige.

Tettstaden ligg i ei slak, smal lisode ned mot fjorden. Dei to åsane Klempertåsen og Haukåsen ligg som to markerte høgder bakanfor bebyggelsen. Eidemskaret er eit tydeleg skar eller søkk som gjev kontakt over mot Litlevatnet og Skjelbreivatnet. Bakanfor Dalegardane ligg det ein terrengkant som avgrensar ei øvre flate frå veggen og den slake lia. Innover dalen frå Myrbostad kyrkje strekkjer det seg ei stor jordbruksflate. Det indre fjordbassenget dannar ei stor, blank flate avgrensa av den slake jordbrukslia, Elneset og øyane. Litlevatnet og Skjelbreivatnet opplevest også som ei flate i det bakre dalrommet.

Dei raude pilene viser tettstaden sine overordna retningar. Hovudretningen fylgjer kotene bortover i lia der sentrumsbebyggelsen ligg som eit band langs veggen.


Strekane som går på tvers viser til det gamle mønsteret i kulturlandskapet der eigedomane er delt inn i smale teigar frå strandsona og oppover.

TEIKNFORKLARING.




Silhuetter

Viktige terrengformer



- Eidemskaret




- terrengkant



Samanhengande flater



Tettstaden sine retningar



STADANALYSE ELNESVÅGEN		LANDSKAPSANALYSE	
Scale	1:50 000	Code	1115
feste as arkitektur		Scale	1:50 000

5.2 Overordna mønster på staden

Kartskissa går nærare inn i planområdet og skal gje eit forenkla bilete av korleis ein kan lesa det overordna mønsteret staden er bygd opp omkring.

Den langsgåande gjennomgangsvegen og dei tverrgåande grøne linene utgjer sjølve "beingrinda" i tettstaden.

Høgdedraga Klømpertåsen og Haukåsen dannar dei grøne bakveggene.

Myrområdet ligg som eit naturområde for seg sjølv samstundes som det avgrensar jordbrukslandskapet mot søraust.

Bustadområda trer fram som tydelege felt. Det store bustadområdet oppe i lia, ligg utanfor kjerna i staden og opplevest lausrive frå resten av bebyggelsen.

Fjorden avgrensar jordbrukslia mot sør og er eit overordna landskapstrekk. Kontakten mellom den nedre jordbrukslia, det gamle naustmiljøet, strandsona innover mot myrområdet og sjølve fjordflata, er ein viktig kvalitet i Elnesvågen.

Sentrumsbebyggelsen ligg i hovudsak på oversida av vegen. Kjerneområdet i sentrum er knytt til forretningane rundt torget, kommunehuset og skulane.


Hustad Marmor utgjer ei anna type tyngdepunkt i utkanten av sentrum. I tillegg ligg det fleire mindre næringsområde ved Eidemskiljet og eit lite ved Dale.


Eidemsskiljet er eit viktig trafikk-knutepunkt.

Myrbostad kyrkje ligg som eit landemerke i det store landskapet og heilt lausrive frå sjølve tettstaden.

Det gamle bygningsmiljøet og kulturmarka på Frænatun, naustmiljøet nede ved fjorden og tunet og den gamle bensinstasjonen ved Dalseth, er punkt som merkar seg ut positivt i heilskapen. Som enkeltelement står dei fram som tydelege spor etter tidlegare tider og fortel slik noko om Elnesvågen sin historie. Dei ligg framleis i ein heilskap som har fine kvalitetar i seg. Dalseth markerar innkomsten til Elnesvågen sentrum frå aust. Frænatun dannar bakgrunn for butikkane rundt torget og er ein synleg kontakt mellom det gamle, tverrgåande teigmønsteret og det nye sentrumet langs vegen. Nausta nede ved fjorden ligg knytt til jordbrukslandskapet og det gamle teigmønsteret og viser at Elnesvågen frå gammalt av har hatt kontakt med fjorden.

TEIKNFORKLARING:

-  Viktige terrengformer
-  "Grøne liner";
eigedomsgrenser,
vegetasjonsband
(- Restar etter hovuddrag i
det gamle kulturlandskapet)
-  Myrområde
-  Gjennomgangsvegar
-  Eidemskiftet
-  Sentrumsbebyggelse
-  Næringsområde
-  Bustadfelt
-  Punkt som utmerkar
seg positivt i heilskapen
(Frænatun, Dalseth og
naustområde, gamal
bebyggelse på Eineset)
-  Myrbostad kyrkje



STADANALYSE ELNESVÅGEN		OVERORDNA MØNSTER PÅ STADEN	
1:20 000	1115		
feste as Lillehammer			

5.3 Verdi og særdrag

Med utgangspunkt i dei vurderingane vi til nå har gjort, har vi delt staden inn i ulike område med ulik verdi utifrå korleis dei står fram i heilskapen. Dette er også landskapsområde som er verdifulle i seg sjølv.

Det overordna mønsteret på staden, den langsgåande gjennom-gangsvegen og dei tverrgåande vegetasjonsbanda, meiner vi bør styrkast og vera utgangspunkt for den vidare utviklinga av staden.

Svært verdifulle område

Jordbrukslandskapet på nedsida av vegen med gardstun, teigmønster, naustområde, strandsone og kontakt med fjorden utmerkar seg som eit heilskapleg og vakkert kulturlandskap. Området er karaktergjevande for staden og viser det gamle Elnesvågen der samspelet mellom jordbruk og fjorden var viktig på ein annan måte enn i dag.

Frænatun med tilhøyrande jordbruksmark er viktig i opplevinga av kontakten mellom gammalt og nytt kulturlandskap i Elnesvågen.

Verdifulle område


Jordbrukslandskapet ein køyrer gjennom på veg inn mot Elnesvågen sentrum, er heilskapleg og gjev ei fin

avgrensing av sentrum mot aust. Dalsethgarden med tun og den gamle bensinstasjonen markerar overgangen til sentrum. Dette portmotivet bør styrkast.




Området som grensar inn mot Frænatun mot vest inneheld kvalitetar som kulturmark og som grøn overgangssone mellom sentrumsbebyggelse, skuleområde og Haukåsen.

Eksisterande kjerneområde


Dette er område som utgjer tyngdepunkt i tettstaden sitt næringsliv. Desse områda vil alle vera viktige å ta hand om og utvikle vidare, kvar på sine måtar.



TEIKNFORKLARING:

-  Svært verdifulle område
-  Verdifulle område
-  Eksisterende kjerneområde


 gjennomgangsvæg

 "grøne liner" restar etter det gamle teigmønsteret

Tone - 26



STADANALYSE ELNESVÅGEN		VERDI OG SÆRDRAG	
feste as Lillehammer landbruksplanlegging m.m.		1:15000 DATO	1115



Vegetasjon → åpne / styrke
 Grøne, fysiske bindelinjer / tur- og gang
 Samls område → utviklet

6. Grøntstruktur

6.1 Kva meinest med grønntstruktur?

Med grønntstruktur meinest "veven" av store og små naturprega område i og nær tettstaden. Alle grønne område vert rekna med, enten dei er rein naturmark eller meir kultiverte grønntområde.

Den grønne strukturen i tettstaden kan vera meir eller mindre samanhengande. Han er sett saman av mange ulike typer areal. Nokre av desse er regulert til "grønne" formål, t.d. idrettsanlegg, friområde eller turløyper. Andre er restar av naturmark det ikkje har vore naturleg å byggje ned, t.d. åssider, gamle elveløp, myrområde. Dei kulturpåverka grønne områda er ofte av privat karakter, slik som dyrka mark og tundanningar og hagar knytt til bustadfelt.

6.2 Grønntstrukturen har ulike funksjonar og verdiar

1. *Bruksverdi* for oss menneske (dyrka mark, hageareal, leikeområde, turløyper).
2. Landskap og vegetasjon kan også vera viktig *visuelt* i tettstaden; t.d. dannar skogkledde åssider grønne veggjar rundt tettstaden, eller vegetasjon kan danne volum, liner og band som deler inn landskapet og dannar eit overordna mønster på staden.
3. Dei grønne områda har også ein *eigenverdi*; som

leveområde for ulike artar planter og dyr. I Elnesvågen er vegetasjonsbanda mellom åsen og fjorden viktige korridorar for dyrelivet.

6.3 Overordna grønne "veggjar" og naturområde i Elnesvågen

Dei to skogkledde høgdedraga Klempertåsen og Haukåsen dannar ein grøn bakvegg for tettstaden og utgjer viktige turområde for dei som bur i Elnesvågen.

Den indre bukta av Elnesfjorden med Elnesleira og elveosen er viktige naturområde som ligg tett inn mot sentrum. Elneset og alle dei små øyane i fjorden utgjer også viktige grønne område rike på natur og landskapsopplevingar.

Myrområdet mellom fjorden og austover til Myrbostad kyrkje er eit karakteristisk naturområde på staden. Denne store, litt dystre flata set sitt spesielle preg på staden og understrekar jordbrukslandskapet omkring som noko venleg og ljost.

Tiltak:

Ta vare på den grønne bakveggen og unngå utbygging av lia i overkant av kraftlina bak dei sentrale områda.



Teiknforklaring:

-  naturmark
-  gamal/
attgrodd kulturmark
-  jorde
-  bustadar m/ hagar
-  skuleområde
-  idrettsanlegg
-  vegetasjonsbelte
-  grå sentrumsflater
-  grøne offentlege planar
-  heilskaplege tun
-  strandsone



STADANALYSE ELNESVÅGEN		GRØNSTRUKTUR - dagens situasjon	
feste & Lillehammer Landskapsarkitektur AS	skala	1:6000	1115
	dato		



6.4 Jordbrukslandskapet


Vegetasjonsbanda som ligg i eigedomsgrensene gjev staden eit overordna vegetasjonsmønster. Opplevinga av jordbrukslandskapet som omgjev tettstaden vert meir spennande ved at vegetasjonsbelta deler dyrka marka opp i mindre landskapsrom og dannar det karakteristiske teigmønsteret.

Opplevinga av Elnesvågen frå fjorden og frå innkøyringa til staden både frå aust og vest er prega av jordbrukslandskap med heilskaplege tun og markert teigmønster. Dette er eit viktig overordna trekk ved staden som fortel noko om livet her og har røtter bakover i høve til plassering og utgangspunkt.

Store delar av jordbrukslandskapet knytt mot sentrum er attgrodd eller bygd ned. Dette gjer at landskapet omkring sentrum vert attstengt og vender seg innover utan å gje oppleving av omgjevnadane staden ligg i. Attgroinga har særleg hatt konsekvensar for kontakten mot fjorden. Frå sentrum og hovudvegen oppfattar ein vanskeleg at dette er ei bygd som ligg med utgangspunkt i fjorden.







Tiltak:

Opne ein del attgroingsområde slik at ein får betre kontakt mot fjorden frå sentrum og vegen. Ta vare på og gjenskape visuelle forbindelseslinjer både oppover og utover.




Telknforklaring:


Område som manglar frodighet og som bør utviklast som heilskaplege delområde i tettstaden:

-  skule, sjukeheim
- store bygningsvolum og store flater i uteareal
-  sentrumsområde
- trafikkområde, parkering, inngangssoner
-  senteret
- plassar, torg og "gater"
-  parkrom, idrettsanlegg
- grøne opparbeidde område
-  Attgroingsområde som bør opnast, heilt eller delvis
-  "100-meter skog" som nær-leikeområde for bustadar

Grøne, fysiske forbindelseslinjer:

-  eksisterande
-  bør opparbeidast

 Visuelle forbindelseslinjer som bør haldast opne

 Grøne vegetasjonsband som bør framhevast og opparbeidast



STADANALYSE ELNEVÅGEN		GRØNSTRUKTUR - vidareutvikling	
skala 1:6000	arkiv 1115	forf. utl.	forf.
feste as lehammer landskap arkitektur mal			



Styrke vegetasjonsbanda som dannar det karakteristiske teigmønsteret. Ei slik styrking kan nokre stader gå ut på å supplere eksisterande vegetasjonsband der desse er glissne eller bitar manglar, andre stader plante nye tverrband der dette er naturleg i høve til nye strukturar, eller også tynne vegetasjonen nokre stader for å få fram steingardar og opne for utsyn.

6.5 Strandsone og turstiar

Strandsona er i liten grad tatt hand om. Områda ligg der litt attgløymt og stille for seg sjølv. Aktiviteten her er i hovudsak knytt til private eigedomar med naust, båtplassar og lagringsområde.

I næringsområdet på Eidem er fleire kaiområde i aktiv bruk i høve til verksemdene som driv her, med Hustad Marmor som den største.

Småbåthavna ved Haustmarkbryggja ligg med direkte tilknytting til sentrum, men er ikkje nokon aktiv del av sentrumsfunksjonane. Den gamle naustrekkja, fornminna som finst i området og kontakten med gardstuna på rekkje like oppafor, gjev dette området særlege kvalitetar som "grønt" område knytt til fjorden.

Kontakten vidare rundt bukta og ut på Elnestangen gjev gode rammer for turgåing og landskapsoppleving i vakre

naturområde.

Kontakten på tvers mellom fjorden (området ved Haustmarkbryggja), sentrum og vidare opp i åsen bakanfor tettstaden, er i dag delvis ivaretatt ved turstiar og vegfar. Langs fjorden er det ikkje lagt til rette for ferdsel.

Tiltak:

Leggje tilrette for ei grøn, fysisk forbindelsesline langs fjorden. Dette må lagast som ei forsiktig turvegzone som tilpassar seg dei elementa og kvalitetane som ligg her, gjerne med kontakt til ein enkel sti rundt Elneset. Turvegen langs fjorden kan også bindast saman med ei fysisk forbindelsesline opp i den grønne sona ved Hatlebakk og vidare opp i åsen med forbindelse rundt og ned om Hauglia.

Området knytt til Haustmark-bryggja inneheld viktige kvalitetar som kunne vore fine å knytt nærmare mot sentrum i høve til bruk og oppleving av staden. Samstundes er det viktig at heilskapen i dette området ikkje vert øydelagt.

6.6 Private grønne areal

Bustadfelt med privathagar utgjer ein ganske stor del av den grønne strukturen i Elnesvågen. Felta ligg som godt skjerma grønne soner og vender seg mest innover. Dei tettar att noko av det gamle kulturlandskapsmønsteret og forhold seg i liten grad til sjølve sentrumet. Likevel er dette område med





kvalitetar i høve til det å bu. Områda ligg nær sentrum og er godt opparbeidde som "grøne" bustadområde.

Tiltak:

Leggje tilrette for nærleikeområde, turvegar med grønne forbindelsar og soner i og rundt bustadfelta. T.d. kan små skogholt og treklynger utgjera små "100-meter skogar" som har kvalitetar i høve til leik for litt større ungar og gjer nærområdet litt spennande.

6.7 Sentrum og offentlege uteareal

Uteareala knytt til sjølve sentrum og dei større offentlege anlegga som ligg her, har eit litt tilfeldig, utflytande og audsleg preg. Dei ganske store flatene manglar avgrensing og er lite frodige. Romma mellom husa i senteret er meir tomrom enn uterom for opphald.

Tiltak:

Opprusting av uteområda i sentrum med romdannande treplantingar, avgrensing og definering av ulike areal.



6.8 "Parkområde" og idrettsanlegg

Elnesvågen er ikkje ein stad ein forbind med eit urbant element som parkar. Det som ligg av grønne soner knytt til dei offentlege uteromma er grønne plenflater i skrånningar og knytt til skular og sjukeheimen.

Idrettsanlegget i nedkant av Hauglia er heilt nytt og virkar ikkje innarbeidd i staden sin overordna struktur enno. Han ligg litt for seg sjølv og er ikkje så lett å koma til dersom ein ikkje i utgangspunktet er klar over plasseringa.

Tiltak:

Dersom ein skulle tenkje på opparbeiding av eit meir parkmessig område i høve til uttrykk og bruk, ville bakken mellom kommunehuset, den vidaregåande skulen og ungdomsskulen vera ein naturleg stad for å lage eit grønt parkrom.

Idrettsanlegget burde få ei litt parkmessig opparbeiding av nærområdet der ein kunne knytte barneskule og barnehage inn, lage ein betre kontakt for gåande direkte frå sentrum, løyse parkering og atkomst og gje idrettsanlegget eit feste i omgjevnadane og kvalitetar som ligg knytt opp mot området. Overordna terrengtilpassing, som kan knytte idrettsanlegget naturleg saman med terrenget omkring, ville gje ein mykje betre situasjon både bruksmessig og visuelt.



7. Trafikkmønster

7.1 Dagens situasjon

Elnesvågen er ein stad prega av bilar og trafikk. Sentrum er plassera langs vegen og handelen her er i stor grad bygd opp omkring at folk frå gardar og bygder omkring køyrer hit for å handle. Dei som bur i byggjefelta like ved sentrum nyttar også helst bil ned i senteret sidan felta ligg litt oppe i liene eller lenger bortover langs hovudvegen, og sidan dette er "på bygda" der ein har vendt seg til å bruke bilen fordi her alltid har vore plass nok til det. I tillegg kjem at tungtrafikken til og frå Hustad Marmor og bedriftene lenger ute i fjorden går gjennom sentrum.

Dette fører til at ein får stor grad av blanda trafikk gjennom tettstaden. Hovudvegen fungerer både som gjennomgangsveg på riksvegnettet og "lokalgate" knytt til sentrum.

Det ligg svært mange avkøyrslar knytt til vegen gjennom sentrum. Alle avkøyrslene til busetnad på begge sider av vegen, fleire avkøyrslar inn til senteret og dei større kryssområda der vegar tek av til bustadfelt og skuleanlegg, gjev eit uoversiktleg og innvikla trafikkbilete med mykje kødanning i dei tidene folk skal til og frå arbeid. Det at trafikken også er ei blanding av dei som bare skal gjennom tettstaden, dei som køyrer varer og tungtrafikk, bussar og personbilar som skal køyre ungar til og frå skule, og slik setja av og hente, fører til ganske store trafikkproblem i

sentralområdet.

Av dei sentrale kryssområda som er merka av på kartet side 39, er Haugliakrysset det som klart har dei største problema i høve til avvikling av trafikken på ein forsvarleg måte. Krysset er registrert som eit vesentleg ulykkespunkt hjå vegvesenet. Problema her knyter seg i stor grad til avvikling av trafikk til og frå Haukås-skulen. Bussar skal inn i krysset og opp til avkøyrsla til skulen, manøvrere seg inn og utatt, samstundes som foreldre i privatbilar stoppar i Haugliavegen for å setje ungar av. Ungane kryssar så vegen over til skulen. Bilane vert ståande i kø oppover i bakken i Haugliavegen og på glatt føre gjev dette ofte farlege situasjonar.

Krysset ved kommunehuset har noko av den same problematikken med skulebussar ut og inn samstundes som privatbilar frå bustadfeltet og til kommunehuset og skuleanlegga skal passere og vert ståande i kø i den bratte bakken.

Sjølve senteret har eit kaotisk trafikkmønster der ein kan køyre inn frå alle kantar og rundt mellom bygningane ganske tilfeldig. For dei som skulle slumpe til å gå inne mellom bygningane her er det ei ubehageleg kjensle å måtte snirke seg mellom bilar og heile tida vera redd for å koma i vegen. I desse romma mellom husa, som har ganske gode dimensjonar og er eit bra utgangspunkt for opphald utandørs, er det i dag bilen som rår.


Det er laga gang- og sykkelveg gjennom heile sentrum. Denne ligg parallellt med vegen på andre sida av ei brei, litt utflytande veggroft som er det ein møter når ein køyrer gjennom Elnesvågen.

Ein positiv effekt ved det kaotiske trafikkbiletet kan likevel vera at farten senkast og at det ikkje vert så mange alvorlege ulukker.

7.2 Prinsipp for "opprydding"

- Samle avkøyrslene til senteret i færre og betre definerte kryss. Rundkøyringar kan truleg vera ei teneleg løysing i eit par av kryssa, både i høve til trafikkproblema og også som portalmotiv og markering ved innkøyringa til sjølve sentrum.
- Få skilt gjennomgangstrafikk/tungtrafikk og lokaltrafikk i ulike soner gjennom sentrum.
- Utnytte vegkorridoren betre og gje han nye kvalitetar knytt til opprusting av sentrum.
- Ruste opp romma mellom husa i senteret og gjera dette til område der det er positivt å opphalde seg og bevege seg til fots. Samstundes kan bilane få vera her, men på dei gåande sine premisser.
- Få lagt inn ein bakre forbindelse mellom Haugliavegen og vegen opp ved kommunehuset, for å avlaste hovudvegen og dei vanskelegaste kryssområda.









Butikksenter P




39

STADANALYSE ELNESVÅGEN		KØYREMØNSTER - dagens situasjon	
SKALA 1:5000	BLATT 1115	TEGNER REV	DATE
feste as (leilhammer)			

Teiknforklaring:

-  dagens køyremønster
-  avkøysler
-  sentrale kryss
-  gang- og sykkelveg



Teiknforklaring:

-  dagens køyremønster
-  avkøyrster
-  sentrale kryss
-  nye veglinjer som kan avlaste hovudvegen
-  gang- og sykkelveg



STADANALYSE ELNESVÅGEN		KØYREMØNSTER - prinsipp for "oppriidding"	
Skala 1:5000	Blatt nr. 1115	Utst. nr. 1115	Rev. 1
feste as Lillehammer Landskapsarkitektur og mer			

8. Organisering av bebyggelsen

8.1 Korleis bygningane gjev ein sentrumsstruktur

Bebyggelsen i sentrum er organisera etter ulike overordna prinsipp.

Nausta som frå gammalt av er lagt nede i strandsona, har si logiske plassering her utfrå bruk og tilknytting til fjorden. Dei er organisert etter strandlina og ligg ofte fleire saman i rekkjer eller små grupper.

Plassering av tuna i lisida har underordna seg terrengforma. Tuna ligg nokre stader på rekkje bortover i lia, andre stader som punkt for seg sjølve.


I dei nyare bustadfelta er også husa plassera på rekkjer etter terrenget. Uttrykket vert likevel svært ulikt plasseringa av dei gamle gardstuna, sidan bustadfelta med tett bebyggelse, vert eit flatemønster som dekkjer store parti av lisida.

Sentrumsbygga er i hovudsak knytt mot vegen gjennom tettstaden. Her har det gradvis vakse fram bygningar med utgangspunkt i trafikk og handel. Dei fyrste som avgrensa punkt langs veglina, seinare som større område med fleire bygningsvolum, flater og mellomrom. Denne bygningsmassa er av ulik alder og karakter, men alle bygningane har ei plassering det er logisk å forhalde seg til med utgangs-


punkt i vegen, og bygningane dannar rom innbyrdes.

Skuleanlegga og sjukeheimen ligg som store bygningsvolum på store flater. Desse flatene er delvis kunstig utfylte for å gje plass til dei store bygningane ein skulle ha inn i det hellande terrenget. Dei dannar platå og terrassar som i liten grad forhold seg til dei omgjevnadane som var utgangspunktet. Desse anlegga er godt innarbeidde og etablerte i Elnesvågen slik dei står fram i dag. Likevel er det vel også desse som tydelegast bryt med dei mønster og føresetnadar som låg i utgangspunktet, slik som t.d. terrengform, kulturlandskap og overordna vegetasjonsband.


Bamsekroa har eit anna uttrykk enn desse offentlege bygga, men slik det ligg for seg sjølv på sørsida av vegen på ei utfylt flate, gjev dette anlegget likevel noko av den same opplevinga.



Teiknforklaring:

-  - Bygningar knytt mot fjorden
-  - Plassering etter terrengform
-  - på line
-  - som punkt
-  - Sentrumsbygg som innbyrdes dann rom og er plassera etter vegen
-  - Store bygningsvolum og store flater plassera på utfylte plattå



STADANALYSE ELNESVÅGEN		ORGANISERING AV BEBYGGELSEN	
 feste as Lillehammer Landskapsarkitektur AS	SKALA 1:5000 DATO	TEGNER 1115	TEGNET REV.



8.2 Styrking av sentrumsstrukturen

I den vidare utvikling av Elnesvågen som tettstad og handlesentrum, er det viktig å halde senteret tett og konsentrert til det kjerneområdet ein har i dag. Kvalitetane i det eksisterande finst i at det er ei heilskapleg bygningsmasse der bygningane ligg tett og danner innbyrdes rom.


Slik vegen ligg gjennom tettstaden, vil det vera viktig så lenge som mogeleg å halde utbygginga av sentrum til oversida av vegen for ikkje å få hovudvegen som ei barriere mellom to sentrumsdelar. Det vil også vera eit poeng å byggje ut dei areala ein har i senteret på oversida av vegen så tett og med slike kvalitetar at dette står fram som eit intimt og særprega handlesenter.

På kvar side av dette kjerneområdet ligg det naturleg tilrette for å halde nokre opne soner som kan gje plass for bussar og parkering knytt mot skuleanlegg, kommunehus og butikksenter.

Kommunehuset i vest og Dalseth med butikken og den gamle bensinstasjonen i aust, er naturlege punkt som markerar inn- og utkøyringa av det som bør definerast som sentrum i tettstaden.

Når sentrumsareala på oversida av vegen er bygd ut, kan den tette sentrumsstrukturen trekkast med over vegen og






Dersom omkøyringsvegen kjem ein gong i framtida, kan den tette senterstrukturen trekkast med over vegen og utviklast med kontakt mot fjorden

STADANALYSE ELNESVÅGEN		STYRKING AV SENTRUMSSTRUKTUREN	
Skala	1:5000	Blatt nr.	1115
feste as Lillehammer Landskapsarkitektur AS			

utviklast med kontakt mot fjorden. Denne sentrums-utviklinga bør gjerast slik at parkering og ein framtidig omkøyringsveg ligg under eit betonglokk under dei nedre delane av senteret.

Dersom ein greier å bryte noko av skuleanlegga sitt "platå-uttrykk" ved å plante tverrband av vegetasjon på dei store flatene, kunne dette kanskje gje dei betre forankring i det omkringliggjande kulturlandskapet.



9. Rom og plassar i sentrum

Ser ein på sentrumsbygga som ligg knytt til vegen, dannar desse alle, i større og mindre grad, plassar og rom innbyrdes. I dag står plassane mellom husa fram som grå asfaltflater utan særlege estetiske kvalitetar. For å gje uteromma frodighet og innhald er det eit ynskje å supplere romma bygningane dannar med treplantingar og elles element som styrkar romdanningane og definerar bruken av dei.



Inne i sjøve butikkssenteret har romma mellom bygningane gode dimensjonar og er gode utgangspunkt for å få til uterom, torg, plassar, smug og gater med kvalitetar.

Sona mellom kommunehuset, den vidaregåande skulen og ungdomsskulen er ei god romdanning og bør vidareutviklast som eit grønt parkrom. I dag er området litt uklart i høve til retningar og karakter. Opplevinga av akse og tverrband frå den vidare gåande skulen ned mot hovudvegen og med utsyn mot fjorden bør styrkast.

Kartet side 48 tar for seg dei ulike romma inne i sjøve senteret, seier noko om karakter i det eksisterande, om retningar og rom og om korleis ein kan tenkje ei vidare utvikling. Kva som bør styrkast og kva som bør dempast.



Teiknforklaring:

-  harde flater
-  grønt parkrom



STADANALYSE ELNESVÅGEN		ROM OG Plassar	
skala	1:5000	areal	1115
dato			
feste as Lillehammer landskapsarkitektur malvik			



Brudeset-bygget



Vareleveringsaksen



Kommunehuset




Torget

Kjerneområdet i sentrum.
Eit definert uterom med gode dimensjonar.
Vender seg utover med glimt mot fjorden.
Visuell kontakt mot kulturlandskapet bakanfor

Uterommet bør opparbeidast som tettstaden si storstoge.
Det området som var mest "påkostet" i materialbruken.
Opparbeidinga må ta omsyn til og leggje til rette for:
vareleveringsakse i bakkant men dempe "sjakteffekt" av denne.
kjerneområde for opphald, treplantingar som grøn ramme,
kontakt på tvers av vegen slik at ein oppfatar dette som eit
sentralpunkt i tettstaden, plass for torghandel.
Utsynet mot fjorden bør styrkast.

- 7** Eksisterande skogkrull.
Tiltak: Bustadhuset bør fjernast. Området kan ligge som
framtidig byggeareal og som grønunge så lenge
Vegetasjonen her bør kanskje tynnast litt.
- 8** Udefinert bakgårdssone knytt mot vareleveringsaksen.
Tiltak: Skape avgrensing og romkjensle.
Fysisk forbindelse bakover mot parkering.

- 11** Inngangssone for sparebanken og samvirkelaget.
Rørleggarbygget dannar vegg mot aust i dag.
Hovudretning nord-sør.
Ynskje: Behalde retning og avgrense dette som eit ege rom
også når rørleggarbygget vert borte.



Inngangsparti til banken. Eit hjørne der folk i dag samlast om
kakelotteri og liknande.

"Mellomrom" med parkering. Asfalt og bilar.
Direkte kontakt mot vegen. Glimt mellom husa mot
bakanforliggjande vegetasjon i det ein køyrer framom.
Hovudretningen i rommet går nord-sør.
Tiltak: Behalde området som parkering ordna etter
hovudretningen i rommet. Definere og ramme inn med tre.

Avlang bakgårdssone. Hovudretning øst-vest.
Udefinert areal inn mot vareleveringsakse.
Tiltak: Gje området definerte rammer både fysisk
og i høve til funksjon.

Glimt mellom husa. Den tverrgåande retningen er
viktig for å bryte den langstrakte vegkorridoren.

Urflytande avslutning mot kryss og bustadhus.
Tiltak: Bustadhuset bør fjernast og området

- 9** Bakgårdssone, "sjakt", del av vareleveringsakse
Tiltak som dempar sjaktpreget.
- 10** Bakgårdsrom med definerte veggjar. Bilar og asfalt.
Tiltak for å dempe den grå asfalfalta. Treplantingar

- 12** I dag er dette ein bakanforliggjande parkeringsplass
avgrensa av bygningar, bratt skråning/betongmur og skogholt.
Tiltak: Det er laga planar for eit nytt bygg på området.
Rørleggarbygget er tenkt fjerna. Det må lagast nye uterom
utfrå bevegelseslinjer og nye bygningar. Parkering må
forhalde seg til hovudretningar og romdanningar.

- 13** Området inneheld i dag eit par bustadhus og hagar fram mot vegen
og ein naturleg bjørkelrull i bakkant.
På sikt må dette utviklast i høve til ein gjennomgåande,
bakre vareleveringsakse. Området kan også vera eit framtidig
utbyggingsområde for sentrumsbygg

E l n e s v å g e n

Retningar og rom i sentrum
M 1:1000

48

10. Kvalitetar knytt til sentrum

Kartet er ei oppsummering av kvalitetane ein gjennom dei ulike kartstudiane har funne fram til at Elnesvågen inneheld.


- Dei grønne tverrbanda som eit overordna grønt og historisk mønster.
- Dei smale vegane ned mot Haustmark-bryggja som møtest i ein Y og gjev senteret ein grøn, fysisk kontakt ned til fjorden.
- Heilskapen i området omkring Haustmark-bryggja, med gardstuna på rekkje, naustrekkja, strandsona, kulturlandskap og fornminne.
- Den visuelle kontakten mellom seneret og dei bakanforliggende jordbruksareala og Frænatun.
- Dalseth-garden med gamalt bygningsmiljø, tundanning og bensinstasjonen som portmotiv ved innkøringa til sentrum.
- Det tette og konsentrerte senteret med gode dimensjonar på romdanningane mellom husa.
- Det grønne parkrommet som kan knyte skuleanlegga klarare mot vegen og gje ei atkomstssone som eit tverrband.




Dalsethgården med den gamle bensinstasjonen som portalmotiv ved innkøringa til sentrum frå aust




INTERBOK



STADANALYSE ELNESVÅGEN		KVALITETAR KNYTT TIL SENTRUM	
skala 1:6000	bl. nr. 1115	tegning 1115	rev. 1115
feste as Lillehammer landskapsarkitektur og byplan			



transit -
station
Abteil?



S e n t r u m s p l a n

11. Gjennomgang av planløyningar

Planløyningane som vert gjennomgått i dette kapitlet, er samla i eit eige planhefte saman med resten av analysekarta i denne rapporten.

11.1 Hovudproblemstillingar i sentrum

- Veg og sentrum må avklarast i høve til kvarandre i sentralområdet.
- Plassering og utforming av kryss- og rundkøyningar i høve til å løyse trafikkproblem og gje sentrum større kvalitetar.
- Opprusting av rom og plassar i sentrum.
- Definere byrjing og slutt på sentrum.
- Sjå på moglege fortetting av eksisterande sentrumsareal.

11.2 Hovudprinsipp

Det prinsippet det er tenkt utifrå og som skissene viser, er ei løysing med å skilje lokaltrafikk og gjennomgangstrafikk i kvar si sone forbi kjerneområdet i sentrum. Det vert lagt inn eit grønt skilje mellom dei to sonene. Vi tenkjer oss dette som ein låg mur og ei trerække med botndekkande undervegetasjon (sjå perspektivskisser og snitt side 54 - 58). Langs hovudvegen vil avkøyringane på nedsida av vegen verta liggjande som i dag. På innsida mot senteret og torget er det tenkt ei opparbeida "gate" for lokaltrafikken (dei som skal til senteret for å handle), parkering langs det

grøne skiljet og fortaug inn mot bygningane. På den måten vil ein få ei svært effektiv parkering med kort avstand til butikkane. Avkøyningar må leggjast inn der dette er naturleg i høve til trafikkmønsteret.

Strækningen frå Dalseth til kommunehuset er definert som ei samanhengjande sentrumssone og markert med trerækker mellom gang-/sykkeiveg og hovudveg, som eit grønt band gjennom tettstaden.

Sjølve kjerneområdet i sentrum er konsentrert til senteret. Slik det er lagt opp skal hovudvekta av parkeringa skje inn mot muren mellom hovudveg og lokalgate. Den parkeringa og køyninga som skal skje inne mellom bygningane i senteret må vera på gåande og syklande sine premisser. Ei bakre sone for varelevering er lagt inn. Det sentrale torget ynskjer vi å halde fri for bilar, men tenkjer å gje det ei fleksibel utforming i høve til å kunne bruke det til parkering i ei overgangsfase eller ved særlege tilhøve.

I bakkant av bygningane i senteret er det lagt inn ein langsgåande forbindelse med parkering inn mot ein terrengmur av naturstein. Denne parkeringa kan særleg vera for dei tilsette i butikkane i senteret. På den måten frigjev ein mykje parkeringsplass nede i kjerneområdet. Ved å organisere romma mellom bygningane betre vil ein også oppnå ei meir effektiv utnytting av plassen. Dette er ein fordel både i høve til parkering og opphaldsareal.

Det er lagt inn ein tverrakse gjennom torget over vegen til Bamsekroa. Denne aksen er sentral i senteret og er tenkt markert i vegen som ei sone der det skjer noko ein må vera merksam på.


På kvar side av den sentrale kjernen ligg det opne soner knytt mot busstrafikk og skuleanlegg. Dette er soner som også kan løyse parkering til senteret når det toppar seg i helger eller ved særlege arrangement. Gang-/sykkelvegen følgjer hovudvegen i desse ytre sonene, men inne i kjerneområdet vert han trekt inn som fortaugsareal inn mot bygningane.

Teiknforklaring:

 sone for gang-/sykkel

 lokal gate

 hovudveg





S k i s s e 1

Trerekke og låge buskar i natursteinsmur er tenkt lagt inn som avgrensing mellom to ulike trafikksoner. På innsida hører trafikken bebyggelsen og senteret til med parkering og lokaltrafikk, på utsida kan den trafikken som skal gjennom og forbi tettstaden passere enklare. Avkjørslene på nedsida vert liggjande som dei gjer i dag.

Tom - 96



S k i s s e 2

Trafikksona på innsida av det grønne skiljet er delt mellom parkering, lokal biltrafikk og gåande/syklande inst mot bygningane. Parkering inn mot mur og trerekke gjev eit effektivt parkeringssystem med mange plassar i kort avstand til butikkane. Denne sona må ha uttrykk som ei gate med svært låg hastighet og gje rom for blanding av harde og mjuke trafikkantar.



S k i s s e 3


Det må leggjast inn avkøyrslar på dei punkta der dette høver best. Skissa viser korleis dette kan sjå ut.



S k i s s e 4

For å løyse dei vanskelegaste kryssa er det sett på løysingar med rundkøyningar. Ei rundkøyning kan i tillegg til å løyse trafikkproblem med fordeling av trafikken, også lagast som ei markering av at ein her kjem til kjerna av sentrum.

tone -96



Prinsippsnitt av vegrommet

M 1:200

11.3 Alternative løysingar som er vurdert

Som ein del av planprosessen, og for å fylgje opp dei momenta som har kome fram gjennom møte og drøftingar, er det utarbeidd framlegg til vegløyningar i fleire trinn eller som alternativ. Skissene side 60 og 61 viser vegkorridoren og hovudprinsippet som går att i alle løysingane.

Straksløysing utan rundkøyningar

Dette er den fyrste løysinga som vart skissert. Ein kan kalle ho ei minimumsløysing på den måten at ein her prøvar å løyse problema utan for store endringar i det eksisterande.

Hovudprinsippet med dei to parallelle vegsonene er lagt inn og kryssa inn til senteret er samla i nokre sentrale punkt. Det er lagt inn trerekker mellom hovudveg og gang-/sykkelveg frå Dalseth til kommunehuset. I sona framom sentralområdet er dette skiljet laga som mur med buskar og trerække. Alle bygningar i sentrum ligg som i dag.

Løysinga kan sjåast på som eit fyrste trinn på ei vidare utvikling for Elnesvågen. Opprusting av torget kan t.d. gjerast tidleg i ein eventuell endringsprosess.

Straksløysing med rundkøyningar

Planen syner i prinsipp den same løysinga litt meir teikna ut i detalj og med rundkøyningar ved kommunehuset og i Haugliakrysset. Det er desse to kryssa som er dei største problema i høve til trafikksituasjonen i sentrum, derfor er det

dei punkta det også er naturleg å leggje inn rundkøyningar.

Framom Haukås barneskule er det lagt inn ei sone for skulebussar for å løyse problemet som knyter seg til henting og bringing av ungar. Dette fører til at ein tek mykje av arealet til skulen og at rundkøyninga vert liggjande tett på stigninga i Haugliavegen. Ungdomshuset må fjernast for å gje plass til rundkøyninga i Haugliakrysset. Rundkøyninga ved kommunehuset kan passast inn i høve til eksisterande bebyggelse.

Tilbygget til urmakaren er også fjerna i denne løysinga slik at lokalgate og parkering vert gjennomgåande.

Bussparkeringa er lagt på den indre gata framom sparebanken. Her vert det plass til tre bussoppstillingsplassar slik at det også er mogeleg for ein buss å stå litt lenger, dersom det skulle vera trong for det.

Det er lagt inn tre forbindelsar for gåande på tvers av hovudvegen. Desse er markert i vegbanen og evt. med eit tre.

Alternativ for senterområdet

I det alternativet som er synt for senterområdet er det lagt inn rundkøyningar for kvar ende av sjølvkjørneområdet; i Haugliakrysset og i krysset der vegen går opp til sjukeheimen. Dette var tenkt som ei løysing der ein markerar sjølvkjørneområdet med rundkøyningar som


portelement. Den siste rundkøyringa er vanskeleg å få til i høve til bustadar på nedsida av vegen.

Det er laga ei sideforskyving av den indre gata akkurat i tverraksen ved torget for å skape eit avbrekk på den lange rette strekningen. Det er viktig at ein går inn med tiltak som dempar farten langs denne gata. Her vil det i stor grad verta blanda trafikk og ein vil få eit trafikkbilete der det vil skje mykje på ein gong. Derfor er det viktig at folk køyrer sakte gjennom.

Det er lagt inn ein ny bygning i bakkant heilt aust i senteret. Det er her sett på ei løysing der bussane kunne få ei innkøyring frå Haugliavegen, ta seg inn i senteret gjennom ei bakre sløyfe og slik få ei enklare utkøyring på hovudvegen både austover og vestover. Krysset i Haugliavegen er vanskeleg å få til p.g.a. at det vert liggjande tett innpå rundkøyringa.

Utbygd senterområde

I dette alternativet har vi gått over i ei fase 2 i høve til å tenkje vidare utbygging og fortetting av senteret. Det er vist nytt byggjearéal som fortetting. Vi ser at ein har mykje plass att her dersom ein tenkjer tett og utnyttar plassen maksimalt. Dette vil også kunne gje eit sentrum med kvalitetar; eit tett senter med korte avstandar, gode og intime uterom og framleis god tilgang på parkering både ut mot vegen, mellom bygningane, i bakkant av senteret og i dei opne sonene på kvar side av sjølv senteret.





62

July - 76

11.4 Justert planløsning

Slik denne planen ligg nå er han ei vidareføring og oppsummering av dei drøftingane og den prosessen ein har vore gjennom i prosjektet.

Justeringane er gjort utifrå innspel vi har fått lokalt og frå fylkesnivå etter gjennomgang av dei tidlegare planløyisingane.

I den justerte løysinga er vegen lagt ut framom Haukåsskulen og gjev på den måten ei betre lineføring og eit betre kryssområde der Haugliavegen flatar ut i god avstand før han kjem inn i rundkøyringa. I tillegg får skulen behalde utearealet sitt samstundes som dei får ei løysing på trafikkproblema knytt til henting og levering av ungar.

Framfor Brudeset-bygget vert det også betre plass til manøvrering av bussane inn og ut av garasjar.

Sentrumsarealet vert noko utvida i aust og gjev rom for betre utnytting i høve til vidare sentrumsutbygging. Løysinga fører til at ungdomshuset vert rive.

Organiseringa av busshaldeplassen borte ved ungdomsskulen er også endra. Det er her lagt opp til ei ventesone/fortaugsløysing inn mot bakken, busshaldeplassar på rekke langs denne der kvar buss har sin bestemte plass, køyrbane på utsida av bussane og parkering for personbilar ut mot

gang-/sykkelveg og doble trerekker mot hovudvegen. Ut frå drøftingar vi har hatt med buss-selskapet lokalt og skulane sine representantar meiner vi at dette er ei løysing som ryddar opp i den uoversiktlege situasjonen ein har her i dag og på ein god måte tek vare på sikkerheten både til skuleungar og sjåførar.


Etter ynskje frå Atlantic buss-selskap er det lagt inn ei direkte inn- og utkøyring ved Brudeset-bygget.



Drøftingar i høve til planløsning

Vi har undervegs i prosjektet hatt drøftingar mot vegkontoret i høve til løysing av kollektivtrafikken, veg- og kryssløyisingar.

Det er eit uttrykt ynskje frå buss-selskapet lokalt at dei helst vil ha buss-stoppar på den indre gata mot torget. Dette er det lagt til rette for i planløyisinga. Frå vegkontoret ser ein positivt på dette, men peikar på at det i situasjonar med stor utskiftingsfrekvens på parkeringsplassane og mykje fotgjengarar som kryssar gata mellom torg og parkering, kan vera belastande å trafikere denne indre gata med buss. Ein bør derfor kanskje leggje til rette for ei fleksibel løysing der det også er mogeleg for bussar å stoppe langs riksvegen i nokon situasjonar.

Sentrumsområdet er ganske smalt i djubda og kryssløyisingane vert slik minimumsløyisingar i høve til bussar og store bilar som skal inn og ut. Dette burde likevel vera



- Teiknforklaring:**
-  Gang-/sykkelveg
 -  Inn-/utkøyring

Justert løysing med flytting av vegen framom Haukås-skulen og i Haugliakrysset

M 1 : 4 0 0 0

mogeleg å få til sidan ein her er i eit sentrumsområde der låg hastighet er heilt vesentleg og eit utgangspunkt for arealbruken.

På eit tidspunkt var det tenkt ei parallell vegløyning heilt frå kommunehuset til Brudeset-bygget. Dette vert vanskeleg å løyse i Haugliakrysset sidan ein då vil få kryssing av lokalvegen like i bakkant av planlagt rundkøyning. Frå vegkontoret er det peika på at dette vil kunne føre til mange konfliktsituasjonar og gjera trafikkavviklinga vanskeleg i det frå før vanskelegaste punktet på strekningen. I den justerte planløyninga vert det lagt opp til at den indre gata framom torget og den bakre vegen for avvikling av bussar framom Haukås-skulen, vert avslutta på kvar side av Haugliakrysset. Det er lagt inn eit kryss vest for og eit aust for rundkøyninga som vert dimensjonert for bussar, og som gjev tilkomst til det indre vegnettet. Avstand frå rundkøyning til gangfeltet i Haugliakrysset må vera så stor at det kan stoppe ein, helst to bilar før gangfeltet.

Frå vegkontoret vert det stilt eit lite spørjeteikn ved ei direkte inn- og utkøyning ved Brudeset-bygget. Slik løysinga ligg i planen kan den truleg vera akseptabel, men dette avheng av den totale trafikksituasjonen og må truleg vurderast nærmare.

G j e n n o m f ø r i n g

Vegkontoret seier at dei er vanskeleg stilt i høve til at heile


neste vegplanperiode er bunde opp i politiske vedtekne prosjekt som tek alle midlane. Dersom ein går inn på denne løysinga med å flytte vegen ut eit stykke framom Haukåsskulen og i Haugliakrysset, vil det truleg innebera at ein ikkje kan rekne med at vegkontoret kan finansiere ei så stor omlegging på kort sikt. Alle løysingar som endrar eksisterande vegline er vanskelege å få gjennomført i høve til å få midlar til prosjektet. Frå vegkontoret er det understreka at det må leggjast opp til trinnvise løysingar som med beskjedne investeringar kan løyse problema og gå inn i ein langsiktig heilskap.

Fagleg er vi overtydde om at den synte omlegginga av hovudvegen vil gje den beste løysinga både i høve til kommunen og vegkontoret sine problem. I alle løysingane vi har diskutert ligg det større eller mindre konflikter på nokon punkt. Ved ei omlegging av hovudvegen meiner vi ein totalt sett oppnår den beste heilskaplege planløyninga både i høve til trafikk, sentrumsutvikling og skule.

Dersom ein tenkjer seg ei løysing med alternative finansieringskjelder der fleire partar delfinansierar omlegging av veg og etablering av rundkøyning i Haugliakrysset, vil ein kunne få vegkontoret med raskare. Det er uansett viktig at dei planane og løysingane ein har drøfta seg fram til nå får modnast litt og at dei ligg som eit utgangspunkt dersom det likevel skulle vise seg at midlar vert frigjort.

Det vil vera viktig å koma igang med synlege tiltak som vidareføring av planane og prosessen. Haugliakrysset peikar seg ut som det punktet der tiltak fyrst burde gjerast. Likevel bør ein vurdere om ikkje tiltaka som er skissert i torgområdet kunne vore bra å byrje med som eit konkret sentrumsopprustingstiltak, dersom kostnadane ved ei ynskjeleg omlegging i Hauliakrysset gjer at dette vert eit prosjekt som vil ta lengre tid.

Det er viktig at den positive lokale prosessen vert fylgd opp vidare så ein kjem fram til synlege resultat.




12. Torget

Det sentrale torget i Elnesvågen har ei form og dimensjonar som gjer det til eit harmonisk rom som det vil vera godt å opphalde seg i. Torget er knutepunktet i tettstaden og det sentrale tyngdepunktet i den overordna aksa mellom Frænatun og fjorden.





Planskissene for torget viser sentralområdet litt meir detaljert med soner for belegg, treplantingar, opphald og parkering. Vi meiner det er viktig med treplantingar for å binde senteret saman og gje det eit mjukare og grønnare uttrykk. Samtidig er det viktig å skape eit fleksibelt torg i høve til funksjon. Ved å dele i ei grønn sone for opphald, benkar, blomstrandebuskar, vatn, utsmykking og ei open sone for torghandel og evt. parkering meiner vi dette kan verta oppfylt. Torget skal vera kjerna i senteret og dermed naturleg den staden innsatsen vert gjort i høve til opparbeiding.

For opparbeiding av torget er det også synt løysingar og materialbruk under kapittel 13 side 72, 74, 75, 77, 78.

Parkering




Teiknforklaring:

-  blomstrand buskar
-  vatn/skulptur
-  benkar
-  belegg

67

Samanbindande treplantingar. Trea er oppstamma slik at ein har godt utsyn under lauvverket mot butikkar og trafikkareal. Trea vil danne eit grønt tak og mjuke opp dei harde, triste asfaltflatene ein har her i dag


Skifte i belegget. Veksling mellom ljøs og mørk stein.
"Mosaikkstein" store og små



Planskisse over torget 1
Utkast til møte 03.10.96

M 1 : 5 0 0

feste as. Lillehammer
landskapsarkitektar MNLA



Samanbindande treplantingar. Trea er oppstamma slik at ein har godt utsyn under lauvverket mot butikkar og trafikkareal. Trea vil danne eit grønt tak og mjuke opp dei harde, triste asfaltflatene ein har her i dag

Skifte i belegget. Veksling mellom ljøs og mørk stein.
"Mosaikkstein" store og små

- Teiknforklaring:**
-  blomstrande buskar
 -  vatn/skulptur
 -  benkar
 -  belegg

Planskisse over torget 2
Utkast til møte 03.10.96

M 1 : 500

feste as, Lillehammer
landskapsarkitektar MNLA



S n i t t a v t o r g e t A - A'



S n i t t a v t o r g e t B - B'

13. Materialbruk

For å gje Elnesvågen ei opprusting som er med på å styrke karakter og særpreg, er det eit ynskje å ta utgangspunkt i lokale materialar og formuttrykk.

13.1 Inspirasjon

Grøne tverrband av vegetasjon;
- tatt att i dei tverrgåande trekkene inne i senteret

Steingardar i eigedomsgrensene;
- tatt att i tosidige murar mellom lokalgate og hovudveg og i plantekasser inne på torget.

Kvite grusgangar
er eit element ein som tilreisande legg merke til som noko spesielt og som har vore bruka frå gamalt i atkomsten til hus og hagar;
- kunne takast att i kvit singel rundt trea (i plantehol) og i plantekasser.

Marmor
har mykje med Elnesvågen sin identitet å gjera. Den kvite steinen er eit særtrekk ved den naturlege berggrunnen i området. Hustad Marmor er ei hjørnesteinsbedrift som er svært viktig for staden;
- Vi har undersøkt om det kunne vera mogeleg å bruke noko av den lokale steinen som materialar i den opprustinga som

er skissert. Dette viser seg å vera vanskeleg på grunn av at steinen er altfor porøs. Vi kunne likevel ynskje oss bruk av kvit stein i murar, kantar og belegg. Sjølv om dette då ikkje vert stadeigen stein, er det eit uttrykk som høyrer heime i Elnesvågen og som ein vil kunne forbinde med staden både utifrå naturgrunnlag og levande næringsverksemd. Dersom ein brukar ein heilt ljøs granitt vil ein kunne gje noko av det same uttrykket som marmor.

Det kunne brukast marmor i nokon spesielle element, slik som t.d. ei fontene/vassarrangement eller knytt til ei kunstnerisk utsmykking.

Gneis
er mykje bruka i kantar og murar i Molde. Steinen er stadeigen i området og er noko ein forbind med Molde og omegn;
- gneis kunne alternativt brukast i murar og kantar litt på utsida av sentralområdet, t.d. i terrengmurar bakanfor parkering og ved busshaldeplassen nedafor ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.


13.2 Døme på detaljløysingar

Kantar og murar

Alle kantar mellom ulike areal bør få ei avgrensing, ei markering. Det å lage gode, solide og breie kantar er viktig og er det ein bør satse på dersom pengane ikkje strekk til i høve til å leggje større flater med belegg.

I Elnesvågen vil vi tilrå:

- Breie kantsteinar av granitt mellom fortaug og køyresoner.
- Smågatestein e.l. inn mot husveggar for å gje ein betre overgang mellom golv og vegg.
- Tosidige natursteinsmurar med buskar og treplantingar mellom lokalgate og hovudveg.
- Oppmurte plantekasser på bakre del av torget.
- Terrengmurar i naturstein i bakkant av parkeringa bakanfor senteret.



Parkering

Plantefelt med låge buskar og oppstamma tre


Kant inn mot mur som avvisings-sone for bilar på hovudvegen


Hovudveg

Mur

Tosidig mur som skilje mellom den indre lokalgata og hovudvegen

M 1 : 2 0





Tverrg ende trer kke med kvit singel som overflate i plantehol

Oppmura plantekasse med blomstrande buskar

Enkel b nk inn mot mur


Helleglagt plassgolv

Oppmura plantekasse som innramming av ein indre plass p  torget



Breie, ljose granittkantar som overgang mellom køyrebane og fortaug

M 1 : 1 0



På busshaldeplassen nedafor ungdomsskolen kan det t.d. lagast ei løysing med kombinert mur og benk inn mot bakken.



Enkel avgrensing/rekkverk mellom fortaug/opphaldsone og bussparkering




Fortaugskantar, mur og avgrensing ved busshaldeplass

M 1 : 2 0


Solid granittblokk tek opp høgdeforskjellen og dannar kant inn mot bygget. Det må vera att ein opning heilt inntil bygget for lufting.



Kant som tek opp høgdeforskjell inn mot fellesbankbygget, alt. 1



Høgdeforskjellen kan også takast opp av vinkelblokker i betong. Ein kant av naturstein leggjast inntil for å gje ei finare kantung av plassgolvet.



Kant som tek opp høgdeforskjell inn mot fellesbankbygget, alt. 2

M 1 : 1 0

Belegg

For å gje uteromma høgare standard og større kvalitetar i høve til opphald, er det ynskjeleg å skifte ut asfalten på område der ein legg opp til opphald utandørs, som markering av fotgjengarareal og tverraksar der gåande må krysse køyreareal.

Ulike beleggtypar vi vil tilrå:

1. Naturstein:

Skifer	- store villheller, 10 cm tjukke
Granittplater	- uregelmessige, 0,5 - 1m ² , 10-15cm tjukke
Storgatestein	- granitt 14x20x14cm
Smågatestein	- granitt 10x10x10cm
Mosaikkstein	- granitt 5x5x5cm

Både ved bruk av skifer villheller og granittplater vil det vera naudsynt med kanting og fuging med smågatestein eller mosaikkstein. Belegget kan slik gjevast eit mønster med veksling mellom ljost og mørkt og med ulik overflate.

Vi har valt å tenkje beleggtypar som bryt det rettvinkla ein finn i bygningane sitt uttrykk. Det vil også vera ei type belegg som passar bra til "bygdebyen" Elnesvågen. Det kunne vore flott å gjort plassgolvet til ei levande flate som tilførte torget dei overordna

kvalitetane i kombinasjon med treplantingar.

2. Betongstein:


Betongheller - kvadratiske grå,
30x30 eller 50x50

Betongheller i kombinasjon med smågatestein, breie granittkantstein og asfalt kan vera eit greit alternativ. *Ikkje farga betongbelegg eller betong-beleggningsstein.*




Betongstein er mykje rimelegare i innkjøp og anlegg enn natursteinen. Likevel er det heilt klart natursteinsbelegga som kjem best ut i høve til kvalitet og toleevne i lengda. I Elnesvågen kunne det på ein måte vore naturleg med betongbelegg sidan bygningane her jo er av betong. Men samstundes vil det også gje eit svært grått inntrykk overalt. Natursteinen har på ein annan måte liv i overflata og vert bare finare med åra ettersom belegget vert litt meir slite.

3. Asfalt:

Dersom ein kunne gje asfalten ei ljost overflate ved å valse inn ljost stein i overflata, ville ein kunne gje fortauga eit noko meir foredla uttrykk i høve til køyreareala.



Detalj av korleis ein kan la trekkene stå i eit belegg-
mønster av smågatestein. Dette mønsteret kan også
markerast med anna type belegg, t.d. ljose granittplater.



Detalj av treinnramming i belegget

Ljos

Det er naturleg å tenkje seg ei type armatur knytt til gjennomgangsvegen og ei knytt til den lokale gata og fotgjengarareala.

Det er også naturleg å knyte utstyr og møblering opp mot bygningsmassa på staden. Elnesvågen er ein tettstad med eit ganske nøkternt uttrykk i det bygde og treng slik ei type armatur som ikkje er nostalgisk og "søtladen".

Vi vil tilrå ljosarmatur som er enkle og reine i formuttrykket, som ikkje gjer så mykje av seg i heilskapen, men likevel er vakre i seg sjølv. Skissa side 80 syner to typer vi meiner oppfyller desse krava.

Knytt til fortauget:

Louis Poulsen

- Albertslund mini

Metall med toppskjerm i kunststoff.

Sylinderskjerm i klart polykarbonat, og avblendingsring i opalt eller grått polykarbonat.

Farge: kokssvart.

Knytt til hovudveg:


Bega

- Armatur med asymmetrisk ljusstyrkefordøling. Ljoset vert ført gjennom ein boga reflektor og eit sikkerhetsglas. Farge: kokssvart.


Buss-skur

Som "venterom" for reisande med buss kunne vi tenkje oss eit enkelt overbygg i stål og glas, liknande det som står på buss-stasjonen inne i Molde. Den enkle forma og lette konstruksjonen gjer dette til eit fint element som del av møbleringa i sentrum.



Bega-armatur
knytt til hovedvegen



Albertslund mini
knytt til fortaug og plassar




Ljosarmatur



Buss-skur

M 1 : 4 0



14. Overordna planvurderingar

14.1 Hovudproblemstillingar i høve til arealbruk:


- Skape ein tverrakse mellom torget og Bamsekroa med visuell kontakt oppover mot Frænatun og dyrka mark og utover mot fjorden.
- Behalde eit tett sentrum.
- Styrke kvalitetar som ligg i staden si plassering nær fjorden og definere klarare overgangar mellom sentrumsområdet og det heilskaplege jordbrukslandskapet som rammar staden inn.
- Finne høvelege utbyggingsområde og -prinsipp for bustadar, næring og sentrumsfunksjonar.
- Grøne tverrforbindelsar mellom fjorden og åsen. Det vil vera bra å ta vare på det einaste breie tverrbandet som framleis ligg att ved Hatlebakk (g./br.nr. 45/1 og 45/7). Dette vil kunne danne ei grøn avgrensing av sentrumsbebyggelsen.
- Sjå på plassering av kulturhus evt. "badeland". Plassering vil vera avhengig av kva funksjonar ein legg inn i bygget og kva slag bygg ein ynskjer seg.
- Korleis løyse spørsmålet om framtidig omkøyringsveg? Kan det vera ei løysing å tenkje seg denne lagt under lokk framom det sentrale sentrumsområdet? Dette ville gje rom for ei framtidig sentrumsutvikling på begge sider av dagens riksveg og med kontakt ned mot fjorden.
- Avlastingsveg austover frå nedre del av Hauglia til Myrbostad kyrkje. Mange av dei som bur i Hauglia skal

austover mot Molde og Moxy på arbeid. Eit slikt vegsamband vil kunne løyse noko av trafikkproblema i Haugliakrysset og gje tilkomst til nye bustadområde.

14.2 Drøfting av framtidig arealbruk

Skissa syner:

- Styrking av overordna retningar i tettstaden med vegetasjonsband.
- Trasé for ny avlastingsveg austover mellom Hauglia og Myrbostad kyrkje, to alternativ.
- Aktuelle utbyggingsområde for bustadar.
- Alternative plasseringar av kulturhus/"badeland".
- Strandsone og turveg.
- Grønt tverrband, korridor som ligg att ubebyggt som kontakt mellom fjorden og åsen ved Hatlebakk.
- Trasé for framtidig omkøyringsveg.



Tolknforklaring:

-  styrking av tettstaden sine retningar med overordna vegetasjonsband, eksisterande og nye
-  avlastingsveg austover
-  aktuelle område for nye bustadar
-  alternative plasseringar for kulturhus/"badeland"
-  turveg langs fjorden
-  framtidig omkøringsveg



Tone 76

STADANALYSE ELNESVÅGEN		OVERORDNA PLANVURDERINGAR		86
1:15000	1115			
feste as Låhemmer Landskapsarkitektur og plan				

Styrking av overordna retningar i tettstaden med vegetasjonsband

For å gje tettstaden og dei nye strukturane som etterkvart veks fram, forankring i kulturlandskap og omgjevnadar, er det eit poeng å la vegetasjonsbanda i eigedomsgrensene vera eit gjennomgåande mønster. Likeeins vil det vera viktig å gje vegen gjennom sentrum nye kvalitetar og markere dette vegrommet som ei grøn line gjennom staden.



Avlastingsveg austover

Det er sett på to alternative traséar for avlastingsveg austover. Begge tek av frå Hauglia i den opne sona der høgspenstraséen går og er lagt inn mot skogkanten bakafor dyrka marka.

Alternativ 1 følgjer skogkanten vidare i ein stor sving før han tek seg ned langs eit samanhengande band av åkerreiner ned til Myrbostad kyrkje og ut på hovudvegen herifrå. Vegen held seg i kanten av dyrka marka og er ei løysing som i stor grad tek omsyn til landbruket. Det som kan vera ei ulempe med dette alternativet er at svingen opplevest litt stor i feil retning for dei som skal koma seg ut på hovudvegen mot Molde.

Alternativ 2 skrår over flata i kanten av det litt myraktige området, skrår vidare over delar av dyrka marka før vegen tek seg ned langs den samme åkerreina som i alt.1. Løysinga er vanskelegare i høve til landbruk på den måten at vegen her skjer noko over dyrka mark, men retningen er rektigare i høve til å koma utatt på hovudvegen.

Begge alternativa vil koma ned med nærføring til eit bustadhus på Myrbostad. Likevel trur vi dette kan løysast på ein tilfredsstillande måte med skjermingstiltak, sidan denne vegen jo ikkje skal vera nokon hovudveg.

For at vegen best mogeleg skal tene som avlastingsveg, vil

det vera viktig å kunne supplere han med ei bakre gjennomkøyring forbi senteret og vidare bort til kommunehuset og den vidaregåande skulen. Slik vil ein få eit bakre alternativ heilt frå bustadfeltet ved Hatlebakk og til Myrbostad kyrkje.

I høve til plassering av bustadar knytt til veglina, må ikkje dette bli ein kombinasjon av bustadgate/ avlastingsveg med for stor hastighet. Ved å leggje til rette for sikre avkøyringar frå bustadområdet med internvegar som samlar trafikken i nokre sentrale kryss, kan ein unngå dette. Knytt til alt. 1 er det lagt inn bustadfelt i nedre del av den skogkledde lia.


For alternativ 2 kan bustadområdet utvidast til også å ta med ein del av flata inn mot skogkanten.

B u s t a d a r

Det er eit ynskje at nye bustadområde ligg nær sentrum. Den grønne tverrforbindelsen ved Hatlebakk er regulert til bustadar (B 13) og det er gjort vedtak om at reguleringsarbeidet her skal setjast igang. Likevel kan det vera interessant å ta ein diskusjon på om dette arealet bør få vera ein grøn korridor mellom fjorden og Klempertåsen dersom ein finn andre høvelege bustadområde. Området avgrensar i dag sentrum mot vest.

Område for bustadar knytt til ein eventuell avlastingsveg





austover og i begrensa omfang på Elneset, kan gje nye og ganske attraktive alternativ.

A

Slik kartskissa viser har vi sett på eit større samanhengande område i overkant av Eidem vest som ei utviding av det bustadfeltet som ligg her. Dette fører til ei nedbygging av nedre del av dyrka marka i Eidemskaret.

B

Dei områda som er markert i lia bakafor sentrum, er alle ganske små og må sjåast på som ei supplering og vidareføring av eksisterande bustadområde. Ein må tilpasse øvre byggjegrense i høve til stigning på terrenget. Kraftlina er eit naturleg skilje mellom bebyggelse og skogkledd li.

C

Ein eventuell ny avlastingsveg austover gjev rom for bustadbygging i foten av den skogkledde lia. Her vil det kunne gjevast plass til ganske mange hus og kontakten ut på lokalvegnett og hovudveg vil vera god.

For å bryte opp noko av flatemønsteret bustadfelta dannar, er det viktig å styrke eksisterande tverrband av vegetasjon, eventuelt opprette nye. Desse banda kan vera retningsgjevande element å ordne busetnaden etter. Dei er viktige som grønne innrammingar og gjev ei positiv visuell inndeling av dei større bustadfelta.


Lenger bort frå sentrum enn dette, er det ikkje ynskjeleg å koma dersom ein skal leggje ut område for bustadar innafor det som skal vera *tettstaden* Elnesvågen.

D

Det er sett på eit forslag om å leggje bustadar ut på Elnestangen. Dersom ein plasserar eventuelle bustadar her bør bebyggelsen ha ein open karakter og fylgje terrenget i eit band rundt sjøve neset. Området vil vera attraktivt å bu i med god solorientering og store landskapskvalitetar. Det er svært viktig at kvalitetane i eksisterande kulturlandskap og kulturminne vert overordna ei eventuell bustadutbygging. Tunet og områda rundt Elnesgarden må få liggje i ei stor, grøn sone. Frå tunet og ned til Elnesfjorden i nord bør det liggje att ei open kile slik at kontakten mellom garden, naustområde og fjorden vert halden oppe. Fornminna som ligg i området er også eit argument for dette.

Inne i bukta innafor Elnesleira kan det også passast inn nokre bustadar i eit band som fylgjer terrengform, strandsone og vegen framom.

Den ytre delen av Elnestangen vil det vera viktig å ta vare på som eit grønt naturområde.



Alternative plasseringar av kulturhus/ "badeland"

På planskissa er det vist fire alternative plasseringar av kulturhus evt. i kombinasjon med "badeland".

Alt. 1 og 2 ligg knytt mot fjorden og har som utgangspunkt at utforming og aktivitet i bygningsmasse spelar på kvalitetane som ligg i utsikt og plassering i vakre landskaps- og naturområde. "Badeland" i kombinasjon med overnatting, kursstad og kulturhus har vore ein tanke.

Alt. 3 og 4 knyter seg til eksisterande sentrumsområde eller eksisterande bygningsvolum.

Alt. 1

Dersom ein her snakkar om anlegg som fyrst og fremst skal romme mykje folk og mange bilar knytt direkte mot anlegget, er plasseringa ved elveosen og Knorrholmen svært vanskeleg. Ei plassering av tung bygningsmasse med mykje parkering her, vil truleg føre til utfylling av fjøra og kanalisering av elva. I tillegg til landskapskvalitetane, inneheld området kultur-historiske kvalitetar med ein steinalderbuplass og to gravfelt. Dette vil også vera problematisk å ta vare på i høve til ei større utbygging her. Plasseringa er ikkje sentrumsnær, men kan vera god i høve til turveggar og rekreasjonsområde langs fjorden.

Alt. 2

Området ligg knytt mot småbåthavna og naustområdet med kort avstand til sentrum. Utsynet utover fjorden er storslått med Gjendemsfjellet i bakgrunnen. Strandsone og kulturlandskapet i området har rike kvalitetar både i høve til tundanningar, naustmiljø, fornminne og vegetasjonsklynger. Kulturlandskapet med spor etter gamal busetnad og steinsettingar er svært verdifull for Elnesvågen som stad.

Plasseringa av eit større anlegg her må knyttast til teigen litt vest for småbåthavna, vendt mot sjøen og ramma inn av vegetasjonsklynger og band i eigedomsgrensene. Området er sårbart for inngrep og ei eventuell utbygging her må gjerast med stor varsemd og kjensle for kvalitetar og viktige kulturhistoriske og særeigne element i området.

Alt. 3

Dette alternativet ligg i direkte tilknytting til senteret og sentrums-funksjonane, og vil kunne vera med til å trekke folk til sentrum også utanom butikkane sine opningstider. Dette kunne gjerast som eit signalbygg i sentrum, "staden i staden" på ein måte. Kulturhus i kombinasjon med serveringsstad, overnatting og kursverksemd. Løysinga legg tilrette for fleirbruk av parkeringsareala i sentrum på kveldstid.

Alt. 4


Plasseringa tar utgangspunkt i det som finst av eksisterande bygningsmasse med idrettshall og undervisningsrom på

den vidaregåande skulen, og kan slik gå inn som ein del av ei stor pakke i høve til m2 disponibel golvflate. Dette alternativet tar utgangspunkt i det funksjonelle og tilfører neppe nye kvalitetar som er med på å styrke Elnesvågen visuelt sett.

Det må gjerast ei drøfting i kommunen i høve til kva ein eigentleg ynskjer seg. Kulturhus og "badeland" er to diskusjonar som her er slått saman.

I høve til **alt. 4** er det også ei vurdering om plassering av kulturhus her tar opp plass som kunne vore utnytta til bustadar.

Slik vi vurderar det er dei to alternativa som ligg nede ved fjorden ei anna type anlegg enn dei to som ligg oppe i tettstaden. Av dei to "badeland"/kursenter-alternativa ved fjorden, vurderar vi alt. 2 som det minst vanskelege å få til i høve til å ta vare på kvalitetane som ligg i det eksisterande. Av kulturhusalternativa oppe i tettstaden er alternativ 3 det som kan tilføre sentrum dei største kvalitetane.





Strandsone og turveg

Eit overordna ynskje lokalt og for oss har vore å gje staden attende ein betre kontakt mot fjorden. Tilgjenge til strandsona med ein turveg/-sti langs fjorden kunne vore ein måte å knyte tettstad og fjord betre saman. Dei kvalitetane som ligg i strandsona knytt til landskapsoppleving, kulturlandskap, naustmiljø, fornminne m.m. formidlar Elnesvågen sin historie og gjev ei heilt anna oppleving av staden enn opplevinga som er knytt til vegen og sentrum.

Det er viktig at ein turveg her tilpassar seg strandlina og dei elementa og aktivitetane som ligg her. Det kan leggjast tilrette for ein forbindelse rundt heile bukta med kontakt ut på Elnestangen. I den grønne sona rundt Elnestangen kan ein tenkje seg turveg i form av ein smalare sti. Dette naturlege grønne bandet er viktig som ei avslutning av den kulturpåverka strandsona rundt den indre bukta.

Forbindelsen frå sentrum ligg der frå før i det gamle vegfaret ned til småbåthavna og den tidlegare Haustmark-bryggja. Turvegen kan takast opp i lia gjennom den grønne korridoren som ligg att borte ved Hatlebakk. Denne sona av eit par gamle teigar som ligg att, kan vera eit verdifullt tverrband i høve til ein slik turveg, men har også verdi som einaste rest av gamal teig som ligg med direkte kontakt mellom fjorden og åsen.

Ein slik grøn korridor vil kunne vera eit skilje mellom ei rekreativ strandsona innover i bukta og den meir næringsprega strandsona som ligg vidare utover knytt til verksemdene her. Aktiviteten som ligg knytt til Hustad marmor, Rødal og felleskjøpet sin bruk av fjorden med kaiområde og brygger, er slik vi ser det positivt for staden som heilskap. Det er viktig at dette vert vidareutvikla og utforma som spennande, aktive område knytta mot næringsverksemd.

Trasé for framtidig omkøyringsveg

Ein trasé ligg alt i kommunedelplanen. Denne ligg i dagen like på nedsida av sentrum. Dersom ei slik løysing skulle veljast vil ein på skape ei ny barriere mellom sentrum og fjorden.

Vi har sett på ei løysing med framtidig omkøyringsveg under lokk framom det sentrale sentrumsområdet for slik å gje rom for at sentrum kan utvikle seg med kontakt mot fjorden. Vegen vil ved ei slik løysing kunne liggje på terreng heile strekningen bortover i lia.

Omkøyringsvegen vil vera eit inngrep som ligg langt fram i tid, men det vil likevel vera viktig å avklare korleis ein kan få til ei løysing som ikkje øydelegg kvalitetane staden bør utvikle seg vidare utfrå og også for å klargjera område som kan byggjast ut nå.



Vegomlegginga ved Eidemskiftet må også vurderast i samanheng med ein framtidig omkøyningstrasé. Alternativ omkøyning kan også skje vidare som ein regulert sentralveg i næringsarealet frå Meieriet til Hustad Marmor.

Truleg vil Elnesvågen måtte klare seg med den vegen dei har i mange tiår framover. Derfor er det svært viktig at ein får til ei løysing i høve til dagens riksveg som tek hand om den vanskelege trafikksituasjonen på ein god måte og som legg til rette for at dette vert den løysinga staden skal forholde seg til i lang tid framover. Dei problema som ligg knytt til dagens riksveg, særleg i kryssløysingane, må gjerast som gode planmessige løysingar og ikkje som nødløysingar. Ei slik løysing, der gjennomfartsvegen vert tilpassa staden, er også i tråd med dagens offisielle vegpolitikk.

15. Framtidig utvikling av sentrum på nedsida av hovudvegen

15.1 Modellskisser for utvikling

Generelt

Gjennom analysearbeid og plan for sentrumsutvikling kjem det klart fram at ein av kvalitetane ved Elnesvågen er at sentrumsområdet på oversida av vegen ligg konsentrert. Det er viktig at sentrum ikkje får utvikle seg til ein "bandby" langs hovudvegen. Ved vidare fortetting innafor dagens senterumsområde vil det vera rom for ei dobling av byggjearealet. Det er viktig med fortetting, som både kan auke kvalitetane i det eksisterande senteret og som kan utnytte dagens grunnlagsinvesteringar. Fortetting gjev gevinst både for miljø og økonomi.

Når dagens sentrumsområde er utbygd, vil løysinga på eit framleis konsentrert sentrum vera å utvide dagens sentrumsområde på nedsida av vegen. For å illustrere korleis dette kan løysast er det laga ein serie modellskisser.

Skissene syner ei trinnvis utvikling, som også gjev rom for å leggje ein omkøyingsveg under det nye sentrumsområdet. Planskissene er meint å danne grunnlag for ei prinsipiell drøfting om den langsiktige utviklinga av Elnesvågen. Dei kan også danne grunnlag for regulering og meir detaljerte utbyggingsplanar.


Ved ei utvikling på nedsida av vegen vert sentrum trekt nærmare fjorden, men likevel uten å bryte samanhengen mellom strand og jordbrukslandskap.




Skisse nr. 1

Utviding av sentrum mot fjorden bygger på to hovudprinsipp:

1. Dei tverrgående aksane og grønne strukturane må haldast oppe. Desse binder saman dei to sidene av sentrum, styrkar særpreget med dei tverrgående grønne banda og gjev siktliner mot fjorden.
2. Omkøyringsveg og parkering er lagt som overdekte område langsetter terrenget. Når Elnesvågen har fått tyngde nok til å utvikle seg på nedsida av vegen, må også delar av parkeringa løysast under terreng. Parkeringsareal og kulvert for omkøyringsveg går inn som fundament for sentrumsbebyggelen.






Skisse nr. 2

Dei to hovudprinsippa er vidareutvikla, slik at dei syner oppbygging av ein sentralakse i forlenginga av dagens torg. Sentralaksen inneheld ein rund plass med eit basseng, eit bekkeløp ned mot og gjennom eit glasoverbygd torg eller forretningsareal, før vatnet renn ned i eit badeanlegg med utandørs basseng.

Vegetasjonen formast som stramme band (trerekker) i sentrumsbebyggelsen og som naturprega, frodige belte og bryn i ytterområda. Dette vil ta hand om terrengforming og knyte senteret til landskapet omkring. Det vil også vera med til å gje ein naturleg avstand til gardstuna på nedsida av senteret.




Skisse nr. 3

Her er det synt tre prinsippsnitt gjennom området. Vegkulvert og parkering under lakk dannar fundament for bebyggelsen. Badeanlegg med hotellavdeling eller terrasseleileghetar ligg i overgangen mellom kulvert og gardsanlegga nedafor. Fruktre dannar rekker på takhagar for terrasseleileghetane. Området ligg med omlag tre meter fall frå parkering mot hovudveg og ned til kulvert for omkøyringsveg. Det vil vera omlag 1,5 meter natursteinsforstøtning mellom øvre parkring og dagens hovudveg.


Skisse nr. 4


Som starten på ei sentrumsutvikling nedafor vegen er det synt eit badeanlegg/kulturhus med sentrumsleileghetar og hotelldel. Bebyggelsen kan også gje verdifulle næringsareal på bakkeplan. Løkk over framtidig omkøyring og parkering vert bygd etterkvart som bebyggelsen vert utvikla. Glasoverbygd torg og utvendig, oppvarma basseng godt skjerna mellom bebyggelsen, kan gje spesielle kvalitetar til dagens sentrum. Anlegget får nærhet til fjorden og god utsikt. Områda opp mot vegen kan liggje urørt. Vegtilknytting løysast frå to sider.



Skisse nr. 5


Dei nedre områda vert utvida i breidda etter same prinsipp som den innleiande utbygginga. Senteret byrjar nå å få vesentleg tyngde. Bebyggelsen bør få eit "moderne" uttrykk for si tid. Det var slik dagens senter vart forma. Ved å leggje mønetak og gavlane ut får bebyggelsen eit lettare preg sett både frå sentrum og frå sjøsida. Den øvre etasjen vil også ha godt utsyn over landskap og fjord.





Skisse nr. 6

Øvre parallellveg med parkering og treplantingar mot dagens riksveg er etablert, og det er synt mogelege utbyggingsareal som felt med raster mot øst og vest.



Skisse nr. 7

Sentralaksen med sirkelplass og basseng er etablert. Med raster er det synt mogelege utbyggingsområde i det sentrale området, opp mot vegen. Det er framleis mogeleg å la gjennomgangstrafikken gå på dagens veg.

Dersom riksvegen vert lagt om under senteret, vert det liggjande att ein vegkorridor på 40 - 50 meter målt i avstand mellom fasadane. Dersom det framleis er trong for areal til sentrumsutvikling gjev desse områda eit framtidig arealreserve. I skisse nr.7 er det synt at senteret kan utviklast med omlag 11.000 m² byggegrunn på nedsida av senteret.



V e d l e g g | 100 - 96



S n i t t a v t o r g e t A - A'



S n i t t a v t o r g e t B - B'

13. Materialbruk

For å gje Elnesvågen ei opprusting som er med på å styrke karakter og særpreg, er det eit ynskje å ta utgangspunkt i lokale materialar og formuttrykk.

13.1 Inspirasjon

Grøne tverrband av vegetasjon;
- tatt att i dei tverrgåande trekkene inne i senteret

Steingardar i eigedomsgrensene;
- tatt att i tosidige murar mellom lokalgate og hovudveg og i plantekasser inne på torget.

Kvite grusgangar
er eit element ein som tilreisande legg merke til som noko spesielt og som har vore bruka frå gammalt i atkomsten til hus og hagar;
- kunne takast att i kvit singel rundt trea (i plantehol) og i plantekasser.

Marmor
har mykje med Elnesvågen sin identitet å gjera. Den kvite steinen er eit særtrekk ved den naturlege berggrunnen i området. Hustad Marmor er ei hjørnesteinsbedrift som er svært viktig for staden;
- Vi har undersøkt om det kunne vera mogeleg å bruke noko av den lokale steinen som materialar i den opprustinga som

er skissert. Dette viser seg å vera vanskeleg på grunn av at steinen er altfor porøs. Vi kunne likevel ynskje oss bruk av kvit stein i murar, kantar og belegg. Sjølv om dette då ikkje vert stadeigen stein, er det eit uttrykk som høyrer heime i Elnesvågen og som ein vil kunne forbinde med staden både utifrå naturgrunnlag og levande næringsverksemd. Dersom ein brukar ein heilt ljøs granitt vil ein kunne gje noko av det same uttrykket som marmor.

Det kunne brukast marmor i nokon spesielle element, slik som t.d. ei fontene/vassarrangement eller knytt til ei kunstnerisk utsmykking.

Gneis
er mykje bruka i kantar og murar i Molde. Steinen er stadeigen i området og er noko ein forbind med Molde og omegn;
- gneis kunne alternativt brukast i murar og kantar litt på utsida av sentralområdet, t.d. i terrengmurar bakanfor parkering og ved busshaldeplassen nedafor ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.


13.2 Døme på detaljløysingar

Kantar og murar

Alle kantar mellom ulike areal bør få ei avgrensing, ei markering. Det å lage gode, solide og breie kantar er viktig og er det ein bør satse på dersom pengane ikkje strekk til i høve til å leggje større flater med belegg.

I Elnesvågen vil vi tilrå:

- Breie kantsteinar av granitt mellom fortaug og køyresoner.
- Smågatestein e.l. inn mot husveggar for å gje ein betre overgang mellom golv og vegg.
- Tosidige natursteinsmurar med buskar og treplantingar mellom lokalgate og hovudveg.
- Oppmurte plantekasser på bakre del av torget.
- Terrengmurar i naturstein i bakkant av parkeringa bakanfor senteret.



Parkering

Plantefelt med låge buskar og oppstamma tre


Kant inn mot mur som avvisings-sone for bilar på hovudvegen


Hovudveg

Mur

Tosidig mur som skilje mellom den indre lokalgata og hovudvegen

M 1 : 2 0





Tverrgående trerekke med
kvit singel som overflate i plantehol

Oppmura plantekasse
med blomstrande buskar

Enkel b nk inn mot mur


Hellelagt plassgolv

Oppmura plantekasse som
Innramming av ein indre plass p  torget



Breie, ljose granittkantar som overgang mellom køyrebane og fortaug

M 1 : 1 0



På busshaldeplassen nedafor ungdomsskolen kan det t.d. lagast ei løysing med kombinert mur og benk inn mot bakken.



Enkel avgrensing/rekkverk mellom fortaug/opphaldsone og bussparkering




Fortaugskantar, mur og avgrensing ved busshaldeplass

M 1 : 2 0


Solid granittblokk tek opp høgdeforskjellen og dannar kant inn mot bygget. Det må vera att ein opning heilt inntil bygget for lufting.



Kant som tek opp høgdeforskjell inn mot fellesbankbygget, alt. 1



Høgdeforskjellen kan også takast opp av vinkelblokker i betong. Ein kant av naturstein leggjast inntil for å gje ei finare kantung av plassgolvet.



Kant som tek opp høgdeforskjell inn mot fellesbankbygget, alt. 2

M 1:10

Belegg

For å gjø uteromma høgare standard og større kvalitetar i høve til opphald, er det ynskjeleg å skifte ut asfalten på område der ein legg opp til opphald utandørs, som markering av fotgjengarareal og tverraksar der gåande må krysse køyreareal.

Ulike beleggtypar vi vil tilrå:

1. Naturstein:

Skifer	- store villheller, 10 cm tjukke
Granittplater	- uregelmessige, 0,5 - 1m ² , 10-15cm tjukke
Storgatestein	- granitt 14x20x14cm
Smågatestein	- granitt 10x10x10cm
Mosaikkstein	- granitt 5x5x5cm

Både ved bruk av skifer villheller og granittplater vil det vera naudsynt med kanting og fugging med smågatestein eller mosaikkstein. Belegget kan slik gjevast eit mønster med veksling mellom ljost og mørkt og med ulik overflate.

Vi har valt å tenkje beleggtypar som bryt det rettviinkle ein finn i bygningane sitt uttrykk. Det vil også vera ei type belegg som passar bra til "bygdebyen" Elnesvågen. Det kunne vore flott å gjort plassgolvet til ei levande flate som tilførte torget dei overordna

kvalitetane i kombinasjon med treplantingar.

2. Betongstein:


Betongheller - kvadratiske grå,
30x30 eller 50x50

Betongheller i kombinasjon med smågatestein, breie granittkantstein og asfalt kan vera eit greit alternativ. *Ikkje farga betongbelegg eller betong-beleggningsstein.*




Betongstein er mykje rimelegare i innkjøp og anlegg enn natursteinen. Likevel er det heilt klart natursteinsbelegga som kjem best ut i høve til kvalitet og toleevne i lengda. I Elnesvågen kunne det på ein måte vore naturleg med betongbelegg sidan bygningane her jo er av betong. Men samstundes vil det også gjø eit svært grått inntrykk overalt. Natursteinen har på ein annan måte liv i overflata og vert bare finare med åra ettersom belegget vert litt meir slite.

3. Asfalt:

Dersom ein kunne gjø asfalten ei ljost overflate ved å valse inn ljost stein i overflata, ville ein kunne gjø fortauga eit noko meir foredla uttrykk i høve til køyreareala.



Detalj av korleis ein kan la trekkene stå i eit belegg-
mønster av smågatestein. Dette mønsteret kan også
markerast med anna type belegg, t.d. ljose granittplater.



Detalj av treinnramming i belegget

Ljos

Det er naturleg å tenkje seg ei type armatur knytt til gjennomgangsvegen og ei knytt til den lokale gata og fotgjengarareala.

Det er også naturleg å knyte utstyr og møblering opp mot bygningsmassa på staden. Elnesvågen er ein tettstad med eit ganske nøkternt uttrykk i det bygde og treng slik ei type armatur som ikkje er nostalgisk og "søtladen".

Vi vil tilrå ljøsarmatur som er enkle og reine i formuttrykket, som ikkje gjer så mykje av seg i heilskapen, men likevel er vakre i seg sjølv. Skissa side 80 syner to typer vi meiner oppfyller desse krava.

Knytt til fortauget:

Louis Poulsen

- Albertslund mini

Metall med toppskjerm i kunststoff.

Sylinderskjerm i klart polykarbonat, og avblendingsring i opalt eller grått polykarbonat.

Farge: kokssvart.

Knytt til hovudveg:


Bega

- Armatur med asymmetrisk ljøsstyrkefordøling. Ljoset vert ført gjennom ein boga reflektor og eit sikkerhetsglas. Farge: kokssvart.


Buss-skur

Som "venterom" for reisande med buss kunne vi tenkje oss eit enkelt overbygg i stål og glas, liknande det som står på buss-stasjonen inne i Molde. Den enkle forma og lette konstruksjonen gjer dette til eit fint element som del av møbleringa i sentrum.



Bega-armatur
knytt til hovedvegen



Albertslund mini
knytt til fortaug og plassar




Ljosarmatur



Buss-skur

M 1 : 4 0



14. Overordna planvurderingar

14.1 Hovudproblemstillingar i høve til arealbruk:


- Skape ein tverrakse mellom torget og Bamsekroa med visuell kontakt oppover mot Frænatun og dyrka mark og utover mot fjorden.
- Behalde eit tett sentrum.
- Styrke kvalitetar som ligg i staden si plassering nær fjorden og definere klarare overgangar mellom sentrumsområdet og det heilskaplege jordbrukslandskapet som rammar staden inn.
- Finne høvelege utbyggingsområde og -prinsipp for bustadar, næring og sentrumsfunksjonar.
- Grøne tverrforbindelsar mellom fjorden og åsen. Det vil vera bra å ta vare på det einaste breie tverrbandet som framleis ligg att ved Hatlebakk (g./br.nr. 45/1 og 45/7). Dette vil kunne danne ei grøn avgrensing av sentrumsbebyggelsen.
- Sjå på plassering av kulturhus evt. "badeland". Plassering vil vera avhengig av kva funksjonar ein legg inn i bygget og kva slag bygg ein ynskjer seg.
- Korleis løyse spørsmålet om framtidig omkøyingsveg? Kan det vera ei løysing å tenkje seg denne lagt under lokk framom det sentrale sentrumsområdet? Dette ville gje rom for ei framtidig sentrumsutvikling på begge sider av dagens riksvveg og med kontakt ned mot fjorden.
- Avlastingsveg austover frå nedre del av Hauglia til Myrbostad kyrkje. Mange av dei som bur i Hauglia skal

austover mot Molde og Moxy på arbeid. Eit slikt vegsamband vil kunne løyse noko av trafikkproblema i Haugliakrysset og gje tilkomst til nye bustadområde.

14.2 Drøfting av framtidig arealbruk

Skissa syner:

- Styrking av overordna retningar i tettstaden med vegetasjonsband.
- Trasé for ny avlastingsveg austover mellom Hauglia og Myrbostad kyrkje, to alternativ.
- Aktuelle utbyggingsområde for bustadar.
- Alternative plasseringar av kulturhus/"badeland".
- Strandsone og turveg.
- Grønt tverrband, korridor som ligg att ubebyggt som kontakt mellom fjorden og åsen ved Hatlebakk.
- Trasé for framtidig omkøyingsveg.



Tolknforklaring:

-  styrking av tettstaden sine retningar med overordna vegetasjonsband, eksisterande og nye
-  avlastingsveg austover
-  aktuelle område for nye bustadar
-  alternative plasseringar for kulturhus/"badeland"
-  turveg langs fjorden
-  framtidig omkøringsveg



STADANALYSE ELNESVÅGEN		OVERORDNA PLANVURDERINGAR		86
skala 1:15000	dato 1115	forfatter feste as Lallehammer	prosjekt landskapsarkitektur og plan.	

Tone 76

Styrking av overordna retningar i tettstaden med vegetasjonsband

For å gje tettstaden og dei nye strukturane som etterkvart veks fram, forankring i kulturlandskap og omgjevnadar, er det eit poeng å la vegetasjonsbanda i eigedomsgrensene vera eit gjennomgåande mønster. Likeeins vil det vera viktig å gje vegen gjennom sentrum nye kvalitetar og markere dette vegrommet som ei grøn line gjennom staden.



Avlastingsveg austover

Det er sett på to alternative traséar for avlastingsveg austover. Begge tek av frå Hauglia i den opne sona der høgspenstraséen går og er lagt inn mot skogkanten bakafor dyrka marka.

Alternativ 1 følgjer skogkanten vidare i ein stor sving før han tek seg ned langs eit samanhengande band av åkerreiner ned til Myrbostad kyrkje og ut på hovudvegen herifrå. Vegen held seg i kanten av dyrka marka og er ei løysing som i stor grad tek omsyn til landbruket. Det som kan vera ei ulempe med dette alternativet er at svingen opplevest litt stor i feil retning for dei som skal koma seg ut på hovudvegen mot Molde.

Alternativ 2 skrår over flata i kanten av det litt myraktige området, skrår vidare over delar av dyrka marka før vegen tek seg ned langs den samme åkerreina som i alt.1. Løysinga er vanskelegare i høve til landbruk på den måten at vegen her skjer noko over dyrka mark, men retningen er rektigare i høve til å koma utatt på hovudvegen.

Begge alternativa vil koma ned med nærføring til eit bustadhus på Myrbostad. Likevel trur vi dette kan løysast på ein tilfredsstillande måte med skjermingstiltak, sidan denne vegen jo ikkje skal vera nokon hovudveg.

For at vegen best mogeleg skal tene som avlastingsveg, vil

det vera viktig å kunne supplere han med ei bakre gjennomkøyring forbi senteret og vidare bort til kommunehuset og den vidaregåande skulen. Slik vil ein få eit bakre alternativ heilt frå bustadfeltet ved Hatlebakk og til Myrbostad kyrkje.

I høve til plassering av bustadar knytt til veglina, må ikkje dette bli ein kombinasjon av bustadgate/ avlastingsveg med for stor hastighet. Ved å leggje til rette for sikre avkøyringar frå bustadområdet med internvegar som samlar trafikken i nokre sentrale kryss, kan ein unngå dette. Knytt til alt. 1 er det lagt inn bustadfelt i nedre del av den skogkledde lia.


For alternativ 2 kan bustadområdet utvidast til også å ta med ein del av flata inn mot skogkanten.

B u s t a d a r

Det er eit ynskje at nye bustadområde ligg nær sentrum. Den grønne tverrforbindelsen ved Hatlebakk er regulert til bustadar (B 13) og det er gjort vedtak om at reguleringsarbeidet her skal setjast igang. Likevel kan det vera interessant å ta ein diskusjon på om dette arealet bør få vera ein grøn korridor mellom fjorden og Klempertåsen dersom ein finn andre høvelege bustadområde. Området avgrensar i dag sentrum mot vest.

Område for bustadar knytt til ein eventuell avlastingsveg





austover og i begrensa omfang på Elneset, kan gje nye og ganske attraktive alternativ.

A

Slik kartskissa viser har vi sett på eit større samanhengande område i overkant av Eidem vest som ei utviding av det bustadfeltet som ligg her. Dette fører til ei nedbygging av nedre del av dyrka marka i Eidemskaret.

B

Dei områda som er markert i lia bakafor sentrum, er alle ganske små og må sjåast på som ei supplering og vidareføring av eksisterande bustadområde. Ein må tilpasse øvre byggjegrense i høve til stigning på terrenget. Kraftlina er eit naturleg skilje mellom bebyggelse og skogkledd li.

C

Ein eventuell ny avlastingsveg austover gjev rom for bustadbygging i foten av den skogkledde lia. Her vil det kunne gjevast plass til ganske mange hus og kontakten ut på lokalvegnett og hovudveg vil vera god.

For å bryte opp noko av flatemønsteret bustadfelta dannar, er det viktig å styrke eksisterande tverrband av vegetasjon, eventuelt opprette nye. Desse banda kan vera retningsgjevne element å ordne busetnaden etter. Dei er viktige som grønne innramningar og gjev ei positiv visuell inndeling av dei større bustadfelta.

Lenger bort frå sentrum enn dette, er det ikkje ynskjeleg å koma dersom ein skal leggje ut område for bustadar innafor det som skal vera *tettstaden* Elnesvågen.

D

Det er sett på eit forslag om å leggje bustadar ut på Elnestangen. Dersom ein plasserar eventuelle bustadar her bør bebyggelsen ha ein open karakter og fylgje terrenget i eit band rundt sjøve neset. Området vil vera attraktivt å bu i med god solorientering og store landskapskvalitetar. Det er svært viktig at kvalitetane i eksisterande kulturlandskap og kulturminne vert overordna ei eventuell bustadutbygging. Tunet og områda rundt Elnesgarden må få liggje i ei stor, grøn sone. Frå tunet og ned til Elnesfjorden i nord bør det liggje att ei open kile slik at kontakten mellom garden, naustområde og fjorden vert halden oppe. Fornminna som ligg i området er også eit argument for dette.

Inne i bukta innafor Elnesleira kan det også passast inn nokre bustadar i eit band som fylgjer terrengform, strandsone og vegen framom.

Den ytre delen av Elnestangen vil det vera viktig å ta vare på som eit grønt naturområde.



Alternative plasseringar av kulturhus/ "badeland"

På planskissa er det vist fire alternative plasseringar av kulturhus evt. i kombinasjon med "badeland".

Alt. 1 og 2 ligg knytt mot fjorden og har som utgangspunkt at utforming og aktivitet i bygningsmasse spelar på kvalitetane som ligg i utsikt og plassering i vakre landskaps- og naturområde. "Badeland" i kombinasjon med overnatting, kursstad og kulturhus har vore ein tanke.

Alt. 3 og 4 knyter seg til eksisterande sentrumsområde eller eksisterande bygningsvolum.

Alt. 1

Dersom ein her snakkar om anlegg som fyrst og fremst skal romme mykje folk og mange bilar knytt direkte mot anlegget, er plasseringa ved elveosen og Knorrholmen svært vanskeleg. Ei plassering av tung bygningsmasse med mykje parkering her, vil truleg føre til utfylling av fjøra og kanalisering av elva. I tillegg til landskapskvalitetane, inneheld området kultur-historiske kvalitetar med ein steinalderbuplass og to gravfelt. Dette vil også vera problematisk å ta vare på i høve til ei større utbygging her. Plasseringa er ikkje sentrumsnær, men kan vera god i høve til turveggar og rekreasjonsområde langs fjorden.

Alt. 2

Området ligg knytt mot småbåthavna og naustområdet med kort avstand til sentrum. Utsynet utover fjorden er storslått med Gjendemsfjellet i bakgrunnen. Strandsone og kulturlandskapet i området har rike kvalitetar både i høve til tundanningar, naustmiljø, fornminne og vegetasjonsklynger. Kulturlandskapet med spor etter gamal busetnad og steinsettingar er svært verdifull for Elnesvågen som stad.

Plasseringa av eit større anlegg her må knyttast til teigen litt vest for småbåthavna, vendt mot sjøen og ramma inn av vegetasjonsklynger og band i eigedomsgrensene. Området er sårbart for inngrep og ei eventuell utbygging her må gjerast med stor varsemd og kjensle for kvalitetar og viktige kulturhistoriske og særeigne element i området.

Alt. 3

Dette alternativet ligg i direkte tilknytting til senteret og sentrums-funksjonane, og vil kunne vera med til å trekke folk til sentrum også utanom butikkane sine opningstider. Dette kunne gjerast som eit signalbygg i sentrum, "staden i staden" på ein måte. Kulturhus i kombinasjon med serveringsstad, overnatting og kursverksemd. Løysinga legg tilrette for fleirbruk av parkeringsareala i sentrum på kveldstid.

Alt. 4

Plasseringa tar utgangspunkt i det som finst av eksisterande bygningsmasse med idrettshall og undervisningsrom på

den vidaregåande skulen, og kan slik gå inn som ein del av ei stor pakke i høve til m² disponibel golvflate. Dette alternativet tar utgangspunkt i det funksjonelle og tilfører neppe nye kvalitetar som er med på å styrke Elnesvågen visuelt sett.

Det må gjerast ei drøfting i kommunen i høve til kva ein eigentleg ynskjer seg. Kulturhus og "badeland" er to diskusjonar som her er slått saman.

I høve til **alt. 4** er det også ei vurdering om plassering av kulturhus her tar opp plass som kunne vore utnytta til bustadar.

Slik vi vurderar det er dei to alternativa som ligg nede ved fjorden ei anna type anlegg enn dei to som ligg oppe i tettstaden. Av dei to "badeland"/kursenter-alternativa ved fjorden, vurderar vi alt. 2 som det minst vanskelege å få til i høve til å ta vare på kvalitetane som ligg i det eksisterande. Av kulturhusalternativa oppe i tettstaden er alternativ 3 det som kan tilføre sentrum dei største kvalitetane.





Strandsone og turveg

Eit overordna ynskje lokalt og for oss har vore å gje staden attende ein betre kontakt mot fjorden. Tilgjenge til strandsona med ein turveg/-sti langs fjorden kunne vore ein måte å knyte tettstad og fjord betre saman. Dei kvalitetane som ligg i strandsona knytt til landskapsoppleving, kulturlandskap, naustmiljø, fornminne m.m. formidlar Elnesvågen sin historie og gjev ei heilt anna oppleving av staden enn opplevinga som er knytt til vegen og sentrum.

Det er viktig at ein turveg her tilpassar seg strandlina og dei elementa og aktivitetane som ligg her. Det kan leggjast tilrette for ein forbindelse rundt heile bukta med kontakt ut på Elnestangen. I den grønne sona rundt Elnestangen kan ein tenkje seg turveg i form av ein smalare sti. Dette naturlege grønne bandet er viktig som ei avslutning av den kulturpåverka strandsona rundt den indre bukta.

Forbindelsen frå sentrum ligg der frå før i det gamle vegfaret ned til småbåthavna og den tidlegare Haustmark-bryggja. Turvegen kan takast opp i lia gjennom den grønne korridoren som ligg att borte ved Hatlebakk. Denne sona av eit par gamle teigar som ligg att, kan vera eit verdifullt tverrband i høve til ein slik turveg, men har også verdi som einaste rest av gamal teig som ligg med direkte kontakt mellom fjorden og åsen.

Ein slik grøn korridor vil kunne vera eit skilje mellom ei rekreativ strandsona innover i bukta og den meir næringsprega strandsona som ligg vidare utover knytt til verksemdene her. Aktiviteten som ligg knytt til Hustad marmor, Rødal og felleskjøpet sin bruk av fjorden med kaiområde og brygger, er slik vi ser det positivt for staden som heilskap. Det er viktig at dette vert vidareutvikla og utforma som spennande, aktive område knytta mot næringsverksemd.

Trasé for framtidig omkøyringsveg

Ein trasé ligg alt i kommunedelplanen. Denne ligg i dagen like på nedsida av sentrum. Dersom ei slik løysing skulle veljast vil ein på skape ei ny barriere mellom sentrum og fjorden.

Vi har sett på ei løysing med framtidig omkøyringsveg under lokk framom det sentrale sentrumsområdet for slik å gje rom for at sentrum kan utvikle seg med kontakt mot fjorden. Vegen vil ved ei slik løysing kunne liggje på terreng heile strekningen bortover i lia.

Omkøyringsvegen vil vera eit inngrep som ligg langt fram i tid, men det vil likevel vera viktig å avklare korleis ein kan få til ei løysing som ikkje øydelegg kvalitetane staden bør utvikle seg vidare utfrå og også for å klargjera område som kan byggjast ut nå.



Vegomlegginga ved Eidemskiftet må også vurderast i samanheng med ein framtidig omkøyningstrasé. Alternativ omkøyning kan også skje vidare som ein regulert sentralveg i næringsarealet frå Meieriet til Hustad Marmor.

Truleg vil Elnesvågen måtte klare seg med den vegen dei har i mange tiår framover. Derfor er det svært viktig at ein får til ei løysing i høve til dagens riksveg som tek hand om den vanskelege trafikksituasjonen på ein god måte og som legg til rette for at dette vert den løysinga staden skal forholde seg til i lang tid framover. Dei problema som ligg knytt til dagens riksveg, særleg i kryssløysingane, må gjerast som gode planmessige løysingar og ikkje som nødløysingar. Ei slik løysing, der gjennomfartsvegen vert tilpassa staden, er også i tråd med dagens offisielle vegpolitikk.

15. Framtidig utvikling av sentrum på nedsida av hovudvegen

15.1 Modellskisser for utvikling

Generelt

Gjennom analysearbeid og plan for sentrumsutvikling kjem det klart fram at ein av kvalitetane ved Elnesvågen er at sentrumsområdet på oversida av vegen ligg konsentrert. Det er viktig at sentrum ikkje får utvikle seg til ein "bandby" langs hovudvegen. Ved vidare fortetting innafor dagens senterumsområde vil det vera rom for ei dobling av byggjearealet. Det er viktig med fortetting, som både kan auke kvalitetane i det eksisterande senteret og som kan utnytte dagens grunnlagsinvesteringar. Fortetting gjev gevinst både for miljø og økonomi.

Når dagens sentrumsområde er utbygd, vil løysinga på eit framleis konsentrert sentrum vera å utvide dagens sentrumsområde på nedsida av vegen. For å illustrere korleis dette kan løysast er det laga ein serie modellskisser.

Skissene syner ei trinnvis utvikling, som også gjev rom for å leggje ein omkøyingsveg under det nye sentrumsområdet. Planskissene er meint å danne grunnlag for ei prinsipiell drøfting om den langsiktige utviklinga av Elnesvågen. Dei kan også danne grunnlag for regulering og meir detaljerte utbyggingsplanar.


Ved ei utvikling på nedsida av vegen vert sentrum trekt nærmare fjorden, men likevel uten å bryte samanhengen mellom strand og jordbrukslandskap.




Skisse nr. 1

Utviding av sentrum mot fjorden bygger på to hovudprinsipp:

1. Dei tverrgående aksane og grønne strukturane må haldast oppe. Desse binder saman dei to sidene av sentrum, styrkar særpreget med dei tverrgående grønne banda og gjev siktliner mot fjorden.
2. Omkøyringsveg og parkering er lagt som overdekte område langsetter terrenget. Når Elnesvågen har fått tyngde nok til å utvikle seg på nedsida av vegen, må også delar av parkeringa løysast under terreng. Parkeringsareal og kulvert for omkøyringsveg går inn som fundament for sentrumsbebyggelen.






Skisse nr. 2

Dei to hovudprinsippa er vidareutvikla, slik at dei syner oppbygging av ein sentralakse i forlenginga av dagens torg. Sentralaksen inneheld ein rund plass med eit basseng, eit bekkeløp ned mot og gjennom eit glasoverbygd torg eller forretningsareal, før vatnet renn ned i eit badeanlegg med utandørs basseng.

Vegetasjonen formast som stramme band (trerekker) i sentrumsbebyggelsen og som naturprega, frodige belte og bryn i ytterområda. Dette vil ta hand om terrengforming og knyte senteret til landskapet omkring. Det vil også vera med til å gje ein naturleg avstand til gardstuna på nedsida av senteret.




Skisse nr. 3

Her er det synt tre prinsippsnitt gjennom området. Vegkulvert og parkering under lokk dannar fundament for bebyggelsen. Badeanlegg med hotellavdeling eller terrasseleileghetar ligg i overgangen mellom kulvert og gardsanlegga nedafor. Fruktre dannar rekker på takhagar for terrasseleileghetane. Området ligg med omlag tre meter fall frå parkering mot hovudveg og ned til kulvert for omkøyringsveg. Det vil vera omlag 1,5 meter natursteinsforstøtning mellom øvre parkring og dagens hovudveg.


Skisse nr. 4


Som starten på ei sentrumsutvikling nedafor vegen er det synt eit badeanlegg/kulturhus med sentrumsleileghetar og hotelldel. Bebyggelsen kan også gje verdifulle næringsareal på bakkeplan. Løkk over framtidig omkøyring og parkering vert bygd etterkvart som bebyggelsen vert utvikla. Glasoverbygd torg og utvendig, oppvarma basseng godt skjerna mellom bebyggelsen, kan gje spesielle kvalitetar til dagens sentrum. Anlegget får nærhet til fjorden og god utsikt. Områda opp mot vegen kan liggje urørt. Vegtilknytting løysast frå to sider.



Skisse nr. 5


Dei nedre områda vert utvida i breidda etter same prinsipp som den innleiande utbygginga. Senteret byrjar nå å få vesentleg tyngde. Bebyggelsen bør få eit "moderne" uttrykk for si tid. Det var slik dagens senter vart forma. Ved å leggje mønetak og gavlane ut får bebyggelsen eit lettare preg sett både frå sentrum og frå sjøsida. Den øvre etasjen vil også ha godt utsyn over landskap og fjord.





Skisse nr. 6

Øvre parallellveg med parkering og treplantingar mot dagens riksveg er etablert, og det er synt mogelege utbyggingsareal som felt med raster mot øst og vest.



Skisse nr. 7

Sentralaksen med sirkelplass og basseng er etablert. Med raster er det synt mogelege utbyggingsområde i det sentrale området, opp mot vegen. Det er framleis mogeleg å la gjennomgangstrafikken gå på dagens veg.

Dersom riksvegen vert lagt om under senteret, vert det liggjande att ein vegkorridor på 40 - 50 meter målt i avstand mellom fasadane. Dersom det framleis er trong for areal til sentrumsutvikling gjev desse områda eit framtidig arealreserve. I skisse nr.7 er det synt at senteret kan utviklast med omlag 11.000 m² byggegrunn på nedsida av senteret.



V e d l e g g | 100 - 96